




# Konsesjonssøknad Storagroe Kraft



Vassdragsnummer 062.BZ  
Voss Kommune i Hordaland

Eit samarbeid mellom Voss Energi AS og grunneigarane til Storagroe på Brekkhus.

NVE – Konesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Voss Energi AS  
Pb 205, 5702 Voss  
T 56 52 83 00  
F 56 52 83 20  
firmapost@vossenergi.no  
kundemottak@vossenergi.no  
www.vossenergi.no

NO 984 665 776  
B.giro 3480.11.27128

DYKKAR REF.

VÅR REF.

DATO

826001

30.09.2016

### Søknad om konsesjon for bygging av Storagroe Kraftverk

Voss Energi A/S ynskjer å nytte delar av vassfallet i Storagroe på Brekkhus i Voss kommune, og søker med dette om følgjande løyve:

#### I Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Storagroe Kraftverk i høve til framlagte planar
- å overføre vatn frå sideelv i høve framlagde planar

#### II Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Storagroe Kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle naudsynnte opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing  
Voss Energi AS



Rune Nesheim  
Adm. Dir



Yngve Tranøy  
Prosjektleder  
922 10 098 / 56 52 83 09  
yngve.tranoy@vossenergi.no

<b>Rapport nr.:</b> 826001/R1	<b>Dato:</b> 30. september 2016
-------------------------------	---------------------------------

**Tittel:**

**KONSESJONSØKNAD STORAGROE KRAFT**

**Samandrag:**  
Voss Energi og Storagroe fall- og grunneigarlag i Voss Kommune har inngått samarbeidsavtale om å nytte vassressursane i elva Storagroe på Brekkhus i Teigdalen til kraftproduksjon. Det er vurdert mange alternative utbyggingsløyser og den framlagde løysinga er godt gjennomarbeidd basert på mange synfaringar og godt samarbeid med biolog, anleggsteknisk personell, arkitekt og grunneigarane.

Det er planlagt eit hovudinntak i Storagroe ved ca. kote 480 og kraftstasjon ved ca kote 160. Prosjektet inkluderer ei 210 meter lang overføring gjennom grovhol frå sideinntak på austsida av Midtfjellet ved ca. kote 510, til hovudinntaket i elva Storagroe. Maksimal effekt er 4,1 MW og årleg produksjon er utrekna til 9,0 GWh i eit middels år.

Det er føresett at VM 63.12 Fjellanger har størst similaritet med antatt avrenning i Storagroe sitt nedbørfelt. Planlagt slepp av minstevassføring (5-persentilen) vil vera 58 l/s for sommar og 34 l/s for vinter.

Fire raudlista artar er identifisert i tiltaksområdet: Alm (VU), ask (VU), skorpefiltlav (NT) og fossefiltlav (EN) vart identifisert på ei enkeltstående osp langs elva. Det er planlagt å lage tersklar og kunstig sprutsone ved denne ospa for å sikre eit fuktig miljø slik den krev, sjå kapittel 4 for detaljar. Tiltaket er vurdert til å gje *middels til liten negativ konsekvens* (-/-) for raudlisteartane dersom avbøtande tiltak vert gjennomført som planlagt. Andre viktige funn var bekkedrag, bekkekløfter og gråor-heggeskog samt at det er ein brønn for drikkevatt i nederste del av elva. Konsekvensen for temaet terrestrisk miljø og ferskvassressursar er vurdert som *middels til liten negativ* (-/-) samt at verknaden for landskapet er vurdert som *liten til middels negativ* (-/-), i hovudsak på grunn av midlertidige sår i landskapet langs røyrgatetraseen. Dei samfunnsmessige verknadene er vurdert til å gje ein *liten positiv konsekvens* (+) på grunn av inntektene og sysselsettinga den genererer i området. Konsekvensen knytt til andre tema er vurdert som *liten negativ* (-) eller *ubetydeleg* (0).

Fylke	Kommune	Elv
Hordaland	Voss	Storagroe
Inntak kote (m)	Utlauk kote (m)	Tilslagsfelt (km <sup>2</sup> )
480	160	5,47
Maks slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	Middelvassføring (m <sup>3</sup> /s)	Total minstevassføring sommar (m <sup>3</sup> /s)
1,40	0,56	0,058
Maks effekt (MW)	Årleg produksjon GWh)	Kostnad (mill. kr)
4,1	9,0	37,82
Konsesjonssøknad	Yngve Tranøy og Ole R Flatby	Voss Energi AS
Hydrologi	Kjetil Sandsbråten	Sweco AS
Klassifisering / inntak mm	Ragnhild Melheim	Bystøl AS
Konsekvensvurdering	Per Ihlen	Rådgivende Biologer AS
Arkitekt	Bård Mossige	Mossige AS

**INNHALD**

	<u>Side</u>
<b>1. INNLEIING</b>	<b>1</b>
1.1 Om Voss Energi AS	1
1.2 Grunngeving for tiltaket	1
1.3 Geografisk plassering av tiltaket	2
1.4 Skildring av området	2
1.5 Eksisterande inngrep	2
1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag	3
<b>2. OMTALE AV TILTAKET</b>	<b>4</b>
2.1 Hovuddata	4
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet	5
2.2.1 Hydrologi og tilsig	7
2.2.2 Overføringar	12
2.2.3 Reguleringsmagasin	12
2.2.4 Inntak	12
2.2.5 Vassveg	13
2.2.6 Kraftstasjon	14
2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket	14
2.2.8 Vegbygging	14
2.2.9 Nettilknyting	15
2.3 Kostnadsoverslag og framdriftsplan	17
2.4 Fordelar og ulemper med tiltaket	17
2.5 Arealbruk og eigedomstilhøve	19
2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	20
<b>3. VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN</b>	<b>22</b>
3.1 Hydrologi	22
3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima	27
3.3 Grunnvatn	27
3.4 Ras, flaum og erosjon	27
3.5 Raudlisteartar	28
3.6 Terrestrisk miljø	28
3.7 Akvatisk miljø	29
3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	29
3.9 Landskap	30
3.10 Inngrepsfrie naturområde	31
3.11 Kulturminne og kulturmiljø	31
3.12 Reindrif	31
3.13 Jord- og skogressursar	31
3.14 Ferskvassressursar	32
3.15 Brukarinteresser	32
3.16 Samfunnsmessige verknader	32
3.17 Kraftliner	32
3.18 Dam og trykkroyr	32
3.19 Eventuelle alternative utbyggingsløysingar	33
3.20 Samla vurdering	34
3.21 Samla belastning	34

<b>4. AVBØTANDE TILTAK</b>	<b>38</b>
4.1 Minstevassføring	38
4.1.1 Minstevassføring nedstraums sideinntaket	40
4.1.2 Minstevassføring nedstraums hovudinntaket	40
4.1.3 Framlagde avbøtande tiltak frå konsekvensutgreiinga	42
4.2 Støydempande tiltak	42
4.3 Avfall og forureining	42
4.4 Kraftverk og inntak	43
4.5 Riggområder	43
4.6 Anleggsveggar og transport	43
4.7 Framføring av røyr og kablar	43
4.8 Vegetasjon	43
4.9 Raudlisteartar	44
4.10 Kunstige hekkeplassar	44
<b>5. REFERANSAR OG GRUNNLAGSDATA</b>	<b>45</b>

**Vedlegg 1: Regionalt kart**

**Vedlegg 2: Oversiktskart**

**Vedlegg 3: Situasjonsplanar og teikningar**

**Vedlegg 4: Hydrologiske kurver**

**Vedlegg 5: Fotografi av råka område**

**Vedlegg 6: Fotografi av vassdraget**

**Vedlegg 7: Oversikt grunneigarar**

**Vedlegg 8: Dokumentasjon på nettkapasitet**

**Vedlegg 9: Konsekvensvurdering**

## **1. INNLEIING**

### **1.1 Om Voss Energi AS**

Voss Energi AS (org nr. 984 665 776) som er 100 % eigd av Voss Kommune er tiltakshavar for dette prosjektet. Voss Energi har kontor i Brynalii 66 like ved Voss Sentrum. Sjå [www.vossenergi.no](http://www.vossenergi.no) for detaljar.

Voss Energi si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og omsetnad av elektrisk kraft, samt det som naturleg høyrer til dette. Selskapet har tre kraftverk; Hodnaberg, Palmafossen og Rognsfossen, samt medeigar i småkraftverket Bulko Kraft AS. Samla tilgjengeleg kraftproduksjon er i gjennomsnitt om lag 121 GWh pr. år.

Selskapet har 5 transformatorstasjonar og 2 koplingsstasjonar, 567 fordelingstransformatorar og totalt 1.334 km linjenett kor høgspenningsnettet utgjer 438 km.

Selskapet sitt kraftsal skjer med basis i lokalmarknaden. Samla kraftomsetnad i kommunen er om lag 230 GWh pr. år.

Selskapet har 48 tilsette og er difor ein relativt stor arbeidsplass i Vossebygda.

Voss Energi ynskjer å bidra til at større del av verdiskapinga frå småkraftverk i regionen kjem lokalsamfunnet til nytte. Denne aktiviteten vil også vidareutvikle Voss Energi som selskap og slik bidra til å skape nye lokale arbeidsplassar. Voss Energi og grunneigarane til Storagroe har inngått samarbeidsavtale om å utnytte vassressursane i Storagroe til kraftproduksjon. Dersom søknaden vert godkjent, vil grunneigarane i samarbeid med Voss Energi stifte eit driftsselskap med namnet Storagroe Kraft AS. Tiltaket vert difor omtala som Storagroe Kraft i det vidare.

### **1.2 Grunngeving for tiltaket**

Tradisjonelt landbruk har til dels sviktande inntekter og det er mange stader økonomisk krevjande å oppretthalda busetting og drift av landbrukseigedomar. Teigdalen er prega av fråflytting og få nyetableringar. Framleis drift er avgjerande for landskapspleie, vedlikehald av bygningar og oppretthald av kulturlandskapet. I samband med dette er utbygging og utnytting av den lokale vasskrafta eit naturleg og nyttig tiltak.

Storagroe kraftverk er utrekna til å produsera 9,0 GWh i eit middels år, og vil difor bidra til den nasjonale kraftoppdekkinga. I anleggsperioden vil bygginga av kraftverket gje auka aktivitet for lokale entreprenørar, leverandørar og næringslivet elles. Vidare vil utnytting av dei lokale ressursane gje auka inntekter til mellom andre kommunen og slik bidra til å oppretthalde det lokale tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.

Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

### 1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Storagroe ligg på Brekkhus innerst i Teigdalen i Voss kommune i Hordaland Fylke. Prosjektet vil nytta eit 5,47 km<sup>2</sup> stort nedbørfelt, jf. vedlegg 2, med inntak ved høgdekote ca 480 m ved Midtfjellet. Delar av dette nedbørfeltet ligg i Vaksdal kommune. Tilsigsfelt er ein del av REGINE vassdragsområde 0.62 i sidenedbørfelt 0.62.BZ. Storagroe er eigd i fellesskap som ein del av utmarka til grunneigarane på Brekkhus. Elva Storagroe renn ut i Teigdalselva som igjen renn ut i Vossovassdraget ved Evangervatnet ca 12 km frå Brekkhus. Storagroe renn i stor grad langs fylkesveg 313 frå Nesheimsfjellet ned mot Brekkhus. Det er spreidd busetnad i området, i hovudsak landbrukseigedomar med gardstun. Inntak og røyrgate ligg i utmark, medan kraftstasjonen er planlagt på innmark ca 100 meter frå næraste bustad. Sjå vedlegg 1, 2 og 3 for oversiktskart og situasjonsplanar.

### 1.4 Skildring av området

Brekkhus er ei idyllisk lita bygd inst i Teigdalen med fleire små og mellomstore gardsbruk. Tilkomstvegen og bygda elles er omgitt av bratte fjellsider som grensar mot Stølsheimen i aust.

Store deler av dalsidene i influensområdet rundt elva er bart fjell. I botn av sjølve dalføret er det delvis tynt lausmassedekke, men også mykje skredmateriale frå steinsprang, fjellskred og snøskred.

Landskapet i influensområdet har gode kvalitetar med ein del mangfald i form, farge og tekstur. Kontrastane ved Storagroe er noko større enn elles i Teigdalen. Sjå elles kapittel 3.9 og konsekvensvurderinga i vedlegg 9 for utfyllande skildring.

### 1.5 Eksisterande inngrep

Landskapet er noko påverka av inngrep som også er synlege i det vidtrekkande landskapsrommet. Langs Storagroe er det bilveg med bruer over Storagroe, kraftliner, og i nedre delar av tiltaksområdet er det også busetnad. Røyrgata er planlagt heilt inntil eksisterande veg og vil ikkje medføre endringar i INON-soner. Tiltaket medfører ikkje reduksjon av inngrepfri natur.

Like ved tenkt plassering av kraftstasjonen, har Voss Energi ein lågspenteleidning til lokalforsyning, samt at BKK har ein 22 kV produksjonsleidning som går frå Oksabotn kraftverk til Evanger transformatorstasjon. Storagroe kraftverk vil truleg knytast til BKK sin 22 kV kraftleidning, sjå vedlegg 8 for detaljar.

Storagroe har vore nytta til kraftproduksjon i tida før husstandane på Brekkhus vart knytt til straumnett. Storagroe renn vidare ut i Teigdalselva. Teigdalselva er ei regulert elv på grunn av diverse demningar og overføringar i dei øvste delane av vassdraget i samband med Oksabotn og Evanger kraftverk. Nedbørfeltet som er tenkt nytta i Storagroe kjem ikkje i berøring med deira kraftproduksjon.

## 1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Oksabotn kraftverk ligg i den øvste delen av Teigdalsvassdraget. Dette kraftverket nyttar reguleringane i Piksvatnet og Volavatnet og har avlaup inn på driftstunnelen til Evanger kraftverk. I tillegg er det også bekkeinntak på driftstunnelen i Grasdalen, Bjørndalen og Eide-Fannadalen. Til saman utgjer dette 62,19 km<sup>2</sup>. BKK søker også om å overføre to nye bekkar ved Horgaset og to i Bjørndalen til Evanger Kraftverk via 4,3 km tunnel. Dette tiltaket har innverknad på Bjørndalen og Tverrelvi kraftverk som synt under. Evanger kraftverk har utlaup i Evangervatnet like ved Teigdalselva sitt utlaup. 7. september 2016 hadde BKK offisiell opning på Tverrgjuvlo Kraftverk på Fastlandet like sør for Storagroa. Det er også søkt om konsesjon for fleire andre småkraftverk i Teigdalen både på Langeland (Togrovi og Kvernhusgrovi), Århus (Tverrelvi) og på Bjørndalen kraftverk øvst i Teigdalen. Alle dei planlagde småkraftverka har forskjellige nedbørsfelt og skal handsamast i same runde («pakkehandsaming») som Storagroe kraftverk.

Øvstedalsvassdraget som ligg vest for Teigdalen vart verna i 2005. Ved Mestad i Teigdalen, som ligg ca. 4 km lengre ned i dalen, er det registrering av vassføring, og den er sterkt påverka av reguleringa i øvre del av vassdraget.

Det er fleire eksisterande og planlagde kraftverk i Eksingedalen og langs E-16 frå Vossevangen mot Bergen. Sjå figur 2-3 i vedlegg 2 for oversikt.



## 2.OMTALE AV TILTAKET

### 2.1 Hovuddata

Basert på ei heilskapleg vurdering, er det vurdert som hensiktsmessig å utnytte ei slukeevne (Q) på ca.  $2,5 * Q_{\text{middel}}$  i dette prosjektet, jamfør hovuddata for prosjektet i Tabell 2.1 og Tabell 2.2 under.

Tabell 2.1: Oversikt hovuddata for Storagroe Kraftverk.

	Eining	Kraftverk i Storagroe	Overføring frå sideelv
<b>TILSIG totalt<sup>1</sup></b>			
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	4,33	1,14
Årleg tilsig	mill.m <sup>3</sup>	14,4	3,5
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	105,55	97,98
Middelvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,46	0,11
Alminnelig lågvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,030	0,008
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m <sup>3</sup> /s	0,046	0,012
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m <sup>3</sup> /s	0,027	0,007
Restvassføring <sup>2</sup>	m <sup>3</sup> /s	0,398	
<b>Inntak</b>	moh.	480	510
Råka elvestrekning	m	1700	1000 <sup>4</sup>
Planlagt minstevassføring, sommar <sup>3</sup>	m <sup>3</sup> /s	0,046	0,011
Planlagt minstevassføring, vinter <sup>3</sup>	m <sup>3</sup> /s	0,027	0,007
<b>KRAFTVERK</b>			
Avlaup	moh.	160	
Brutto fallhøgde	m	320	
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,7	
Slukeevne, maks	m <sup>3</sup> /s	1,4	
Slukeevne, min	l/s	0,07	
Tillaupsrøyr, diameter	mm	800	
Tillaupsrøyr, lengde	m	1700	
Overføringstunell diameter <sup>5</sup>	mm	400	
Overføringstunell lengde	m	210	
Overføringskapasitet frå sideinntak	m <sup>3</sup> /s	0,33	
Installert effekt, maks	MW	4,1	
Brukstid	timar	2200	
Magasinvolument	m <sup>3</sup>	Ca 3500	
HRV	moh.	480	
LRV	moh.	-	

	Eining	Kraftverk i Storagroe	Overføring frå sideelv
<b>PRODUKSJON<sup>6</sup></b>			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,8	
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	6,2	
Produksjon, årleg middel	GWh	9,0	
<b>ØKONOMI</b>			
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	37,82	
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	4,2	

1 Total middelvassføring og tilsigfelt etc får man ved å summere Storagroe og sideelv

2 Restfeltet sin middelvassføring like oppstrøms kraftstasjonen.

3 Arealskalert omrekningsfaktor 0,8 ift totalt tilsigfelt korrigert for ulik avrenning

4 Gjeld frå sideinntak til samlaup med Storagroe

5 Grovholsboring. Eitt stort eller 2 små hol.

6 Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå, produksjonsbidrag frå sideelva vert anslått til ca. 1,9 GWh av totalt 9 GWh.


Tabell 2.2: Oversikt planlagde elektriske anlegg Storagroe Kraft

<b>GENERATOR</b>	
Yting	4,1 MVA
Spennning	6,6 kV
<b>TRANSFORMATOR</b>	
Yting	5,0 MVA
Omsetning	6,6 kV/22 kV
<b>NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)</b>	
Lengd	50 m (sjå vedlegg 8)
Nominell spenning	22 kV
Luftline el. jordkabel	Jordkabel 95 mm <sup>2</sup>

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

I forprosjektet er det vurdert over 10 ulike utbyggingsalternativ for utnytting av elva Storagroe til vasskraft. Det høgaste vurderte inntaket ligg ved kote 580 og det lågaste vurderte inntaket ligg ved kote 235. Basert på ei heilskapleg vurdering av økonomi, teknikk, landskapstilpassing og biologi synes det hensiktsmessig å ha inntaket ved kote ca. 480. Teknisk plan for det søkte alternativet er godt gjennomarbeidd og basert på mange synfaringar med Voss Energi, Bystøl A/S, Rådgivende Biologer AS og representantar for grunneigarane.

Med bakgrunn i ovannemnde vert det søkt om å bygge kraftanlegg med inntak i elva Storagroe ved ca. kote 480 og kraftstasjon ved ca. kote 160. Prosjektet inkluderer ei 210 meter lang overføring via grovhol gjennom midtfjellet. Figur 2.1 gjev ein oversikt over planlagt kraftverk i Storagroe.



Figur 2.1: Oversikt planlagde installasjoner og arealbeslag i samband med bygging av Storagroe kraftverk. Den store elva til høyre i nedste del av kartet er Teigdalselva.

### 2.2.1 Hydrologi og tilsig

#### Generelt

Planlagt regulerte nedbørsfelt er utrekna til 5,47 km<sup>2</sup> ved inntak på 480 m.o.h. Nedstraums restfelt ned til planlagt utlaup ved kote 160, rett før utlaup i Teigdalselva, er på 2,92 km<sup>2</sup>. Området er vist i figur 2-2 i vedlegg 2.

Det er ingen særskilt uvisse knytt til fastsetjing av nedbørfeltgrenser. Feltet er tilnærma uregulert, utan vassforsyningsanlegg eller med overføringar inn eller ut av feltet.

Inntaksfelta strekk seg mellom 480/1076 m.o.h. og restfeltet mellom hhv. 160/1011 m.o.h.. Inntaksfeltet har enkelte mindre tjern, lite myr og ikkje noko bre. Vassdraget ligg i hovudsak vendt sør/sør-aust.

#### Val av referansefelt

Det finns ikkje observasjonar av avlaupet i nedbørsfeltet. Fleire stasjonar i nærleiken har vore vurdert som mogeleg datagrunnlag. Plassering er vist i figur 2-1 i vedlegg 2 og ein oversikt over feltopplysningar for aktuelle målestasjonar samt Storagroe er gitt i Tabell 2.3.

Tabell 2.3: Feltkarakteristikk for aktuelle vassmerker i nærområdet.


Dataserie	Obs - periode	Areal km <sup>2</sup>	Snaufjell %	Sjøprosent	Effektiv sjøprosent	Hmin	H50	Hmax
Storagroe		5,47	90	1,1	0	480	819	1076
62.18 Svartavatnet	1987-	72	65,5	3,1	0,08	219	753	1110
62.10 Myrkdalsvatn	1964 -	158,9	72,3	3,7	0	229	975	1431
63.12 Fjellanger	1994 -	12,8	86,3	4,6	0	401	913	1206

Alle stasjonane i området har relativ lik respons på nedbørsepisodar i området, men nedbørsepisodane vert redusert i intensitet og volum dess lenger inn frå kysten og spesielt dess lenger aust ein kjem. I tillegg kan ein sjå at den austlegaste stasjonen, 62.10 Myrkdalsvatn har lågare total avrenning enn kva som er forventa for det planlagt regulerte området. Stasjonen har også det største nedbørsfeltet og litt høgare innsjøprosent enn ynskjeleg, noko som også bidreg til at avrenninga er noko meir dempa i dette nedbørsfeltet.

Av dei to næraste målestasjonane, 62.18 Svartavatn og 63.12 Fjellanger, har 62.18 Svartavatn den lengste måleserien. Begge nedbørsfelta er relativt like i fysiografi men begge har noko større innsjøprosent enn Storagroe. Dei ligg relativt likt i høgdenivå og har liknande eksponering.

Alle nedbørsfelta har høvesvis lite lausmasser og den hydrologiske responsen er rask. Svartavatn har litt større respons enn Fjellanger noko som truleg heng saman med at feltet ligg litt lenger vest slik at det får større nedbørsmengder. Stasjonen har og noko høgare lågvassføringar grunna noko større feltstorleik.

Begge stasjonane er klart samvarierende over tid, men det vert vurdert som sannsynleg at 63.12 Fjellanger har størst similaritet med avrenninga i Storagroe sitt nedbørfelt. På bakgrunn av desse vurderingane vert det rekna med at 63.12 Fjellanger representerer avlaupet i Storagroe sitt nedbørfelt på ein akseptabel måte.



Figur 2.2: Arealskalerte avlaupsseriar for vurderte målestasjonar for 2008.

Uvissa vert anslått til å variere frå  $\pm 5\%$  til  $\pm 20\%$  og i enkelte områder heilt opp mot  $30\%$ . Uvissa aukar vanlegvis omvendt proporsjonalt med storleiken på det vurderte feltet.

Dersom middelavlaupet for nedbørfelta til Storagroe og dei vurderte avlaupsstasjonar vert anslått ved hjelp av NVE sitt digitale avrenningskart, vert verdiane for perioden 1961-1990 som gitt i Tabell 2.4 under.

Tabell 2.4: Utrekna spesifikk middelavrenning frå NVE sitt digitale avrenningskart for vurderte avlaupsstasjonar.

Stasjonsnr	Stasjonsnamn	Uregulert serie lengde	Spesifikt middeltilsig 1961-1990 Beregnet frå NVE sitt digitale avrenningskart	Observert Spesifikt Middeltilsig "frem til 1990"	Observert Spesifikt Middeltilsig "etter 1990"
	Storagroe		104,02	-	-
62.10	Myrkdalsvatn		76,06	76,94	71,05
62.18	Svartavatn		101,73	126,06 <sup>1</sup>	106,76
63.12	Fjellanger		92,87	-	90,94


<sup>1</sup> 1987-1990

Avlaupet ved målestasjonane er utrekna frå observerte data og samanlikna med NVE sitt normalavrenningskart. Etter 1990 ligg avlaupet noko lågare enn avrenningskartet i dei austre områda. For stasjonane i vest ser avrenningskartet ut til å estimere avlaupet rimeleg bra. Ingen særskilt trend er utprega og det er difor valt å nytte verdien frå NVE sitt avrenningskart saman med den observerte variasjonen i samanlikningsserien. Dette gjev ein reduksjon i utrekna avlaup på om lag 0,5 % i perioden etter 1990 samanlikna med avrenningskartet.

### Utrekna tilsigsserie

Ein tilsigsserie er utarbeida som vist i Figur 2.3 under. Analysar av tilgjengelege dataseriar indikerer at 63.12 Fjellanger er mest representativ for årsfordeling av avlaupet.


Tidsserien inneheld generert avlaup frå 1995 til og med 2009, totalt 15 år.



Figur 2.3: Utarbeida tilsigsserie.


Tabell 2.5: Generell statistikk utarbeida for tilsigsserien.

Stasjon / nedbørsfelt	Midlere spesifikk avrenning 1961-1990 (NVEs avrenningskart)	Midlere spesifikk avrenning 1991-2009 (Tilsigsserie)	Feltstorleik (km <sup>2</sup> )	Største tilgjengelege tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Midlere tilgjengelig tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Minste tilgjengelege tilsig (m <sup>3</sup> /s)	Alminneleg lågvassføring (m <sup>3</sup> /s)
Storagroe kraftverk	105,55	103,37	5,47	7,77	0,565	0,001	0,038




Figur 2.4: Årsmidlar for perioden 1995 – 2009 for utrekna tilsigsserie.


Vassdraget er eit lite høgtliggjande vestlandsfelt med høg avrenning i smeltesesongen på våren, litt lågare sommarvassføring og ein markert haustflaumsesong, men er såpass påverka av kysten at flaumar kan førekoma året rundt. Typiske persentil-plott for feltet er synt i Figur 2.5.



Figur 2.5: Plott som syner 5, 25, 50 og 75 persentilen (verdiar i m<sup>3</sup>/s).



Figur 2.6: Varighet av vassføringar i prosent av tida (verdiar i m<sup>3</sup>/s).



Figur 2.7: Varighet av vassføringar i prosent av tida (verdiar i % av middelavlaup), verdiar for slukeevne og sum lågare er gitt i % av total vassmengd.



Med utgangspunkt i VM 63.12 Fjellanger som referansefelt er det utarbeidd statistikk og kurver som syner vassføringa før og etter utbygginga i vedlegg 4. Fotografi av vassdraget under ulike vassføringar er gitt i vedlegg 6.

### 2.2.2 Overføringar

Prosjektet inkluderer overføring av sideelv med inntak på ca. kote 510 og avlaup ved ca. kote 480 gjennom grovhol i Midtfjellet. Ca 21 % av produksjonsvatnet vil overførast frå sideelva. Grovholet vert ca. 210 meter langt med ein diameter på mellom 400 - 500 mm litt avhengig av forventa vassfart. Endeleg dimensjon på grovholet vert avgjort i samband med detaljprosjekteringa. Med ei planlagt slukeevne på  $2,5 \times Q_{\text{middel}}$  vert den maksimale overføringskapasiteten på ca. 330 l/s. Planlagt trase for grovholet er skissert med svart line i figur 2.1 over.

### 2.2.3 Reguleringsmagasin

Det er ikkje planlagt å etablere eit reguleringsmagasin.

### 2.2.4 Inntak

Det er planlagt ein sperredam med overlaup i dagens elv på både hovudinntak og sideinntak. Det er planlagt å delvis sprengje seg ned for å dempe det visuelle inngrepet og for å redusere dambelastninga i situasjonar med sørpeskred om vinteren. Ei visualisering av hovudinntaket er gitt i Figur 2.9.



Figur 2.8: Illustrasjonsbilde av hovudinntak i Storagroe, ref /i/.

### Hovuddata for dei planlagde inntaka:

#### Hovudinntak i Storagroe:

- Damlengde ca 12-15m
- Damhøgde 4 til 5 m på det høgaste
- Inntaket vil etablerast i område kote 475 til 485
- Det vert eit fullverdig inntak med lufteøyr og lukehus / redskapsbod.

#### Inntak i sideelv (Sideinntak):

- Damlengde ca. 10-13m
- Damhøgde ca. 2- 4 m
- Inntaket vil primært verta etablert i område kote 498 til 501, med mogelegheit å gå litt lenger opp (maks kote 510) dersom grovholsboring krev dette.
- Inntakskasse med lufteøyr og mast for styringsskap, signal og straum (solcelle) til opplegg for minstevassføring

#### Felles for begge inntaka:

- Lausmassar vert reinska opp og fjerna
- Dammen skal utførast som ein betongbuedam
- Det vil verta lagt vekt på den landskapsarkitektoniske utforminga slik at dei er best tilpassa dei stadlege tilhøva
- Inntakskonstruksjonen vil verta etablert på sida av dammen med ei luke eller ventil for å kunne tappe ned inntaksbassenget ved inspeksjon og vedlikehald av sjølve inntaket og tillaupsrøyr.
- Inntaket for røyret vil verta minimum 2 meter under vass- spegelen

Sjå vedlegg 3 for situasjonsplan og teikningar og vedlegg 5 syner fotografi over området.

### **2.2.5 Vassveg**

Røyr gata frå hovudinntaket vil kryssa fylkesvegen på vestsida av Storagroe for så å kryssa Storagroe ca 100 meter sør for fylkesvegen. Her er eit punkt som synes anleggsteknisk greitt for ei slik i utgangspunktet ugunstig elvekryssing. Like etter vil røyr gata måtte krysse fylkesvegen på ny før den vert ført inn mot eksisterande skogsveg og kraftlinetrase nedover mot Brekkhus. Det er berre på enkelte mindre delar av vassvegen det vert trong for eit ryddebelte på om lag 40 meter skog i vesentleg grad, men forventta anleggsbredde er 30 meter. Grunneigarane hevdar det er jord og samsmassar som pregar grunnforholda og at det er langt ned til fjell på det aller meste av traseen. Det er lagt til grunn ca. 30 % sprengt grøft i kostnadsgrunnlaget.

Røyr gata vert ca. 1700 meter lang frå hovudinntaket og ned til kraftstasjonen. Det er planlagt å nytta 800 mm duktile støypejernsrøyr. Traseen vil aroderast og tilpassast dei stadlege tilhøva så godt det let seg gjera for å sikre hurtig revegetering.

#### Tunnel / grovhol

Det er planlagt med ca. 210 meter grovhol frå sideinntak ved ca. kote 510 til hovudinntaket ved ca. kote 480. Dimensjonen på grovholet vil tilpassast

maksimal slukeevne på ca. 330 l/s. Dette svarar til ein diameter på ca. 400 mm litt avhengig av forventa vassfart, sjå elles kapittel 2.2.2 over.

### 2.2.6 Kraftstasjon

Figur 2.10 syner ei skisse av kraftstasjonen slik den vil synast frå brua over Storagroe i sør. Sjå vedlegg 3 for planskisse og vedlegg 5 for visualisering av kraftstasjon frå andre avstandar og synsvinklar. Kraftstasjonen vil ha ei grunnflate på ca. 120 m<sup>2</sup> og er her plassert på ca. kote 160.



Figur 2.9: Skisse av kraftstasjon sett frå bru i sør.

Det er usikkert om det er fundamantering til fjell der stasjonen er planlagt. Med utgangspunkt i ei fallhøgd på 320 meter og ei maksimal slukeevne på 1,4 m<sup>3</sup>/s, vert det installert ei Peltonturbin med effekt på 4,1 MW. Peltonturbinane kan normalt kjørast ned til ca 5 % av maks slukeevne, noko som svarar til ei minste slukeevne på ca. 0,07 m<sup>3</sup>/s. Det vert installert ein generator som er tilpassa turbin og gjeldande nettkrav samt ein transformator med utgåande spenning på 22 kV. Støyreducerande tiltak vil få eit særskilt fokus i detaljprosjekteringa på grunn av plassering i nærleiken av bustader. Sjå kapittel 4 for nærare diskusjon omkring optimal plassering av kraftstasjonen.

### 2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vil ikkje ha reguleringsmagasin og vil difor køyrast etter vassføringa i elva. Det vil ikkje vera aktuelt med start / stopp køyring.

### 2.2.8 Vegbygging

Det vert ikkje naudsynt med nye vegtrasear i området anna enn avkjørsle til inntaka og kraftstasjonen. Avkjørslene frå fylkesvegen til inntaka har vore


diskutert med vegvesenet utan innvendingar i denne planfasen. Det mest vesentlege inngrepet vil vera ein ca. 300 meter lang anleggsveg til sideinntaket langs austsida av foten til midtfjellet, sjå figur 2.1 for detaljer.

Skogsvegen som går på austsida av Storagroe frå Brekkhus og opp langs store delar av vassvegen, er av relativt høg standard og kan truleg nyttast slik den er. Denne vegen vil nyttast i samband med bygging av vassvegen og det vert trong for midlertidige avkjørsler frå denne inn mot vassvegen der det er hensiktsmessig. Sjø situasjonsplanar i vedlegg 3 for detaljar.

#### Massetak og deponi

Steinmassar frå sprengingsarbeid vil truleg gå med til å bygge naudsynte avkjørsler til inntaka og eventuelt kraftstasjon. Andre massar frå utgraving av rørtrase vil primært nyttast til overdekning og utjamning av terrenget for å sikre hurtig og naturleg revegetering. Ein del stader kan det vera hensiktsmessig å nytte deler av massane til å heva traseen på lågbrekk og søkk i terrenget langs traseen.

Riggplassar / lagerplass for rør og liknande samt midlertidig deponi ved trong for det, er planlagt ved enden av traktorveg langs elva ved FV 313 for øvste del og ved stasjonstomt for nedre del som vist i Figur 2.11 under. Elles vert det trong for riggplass ved begge inntaka jf figur 2.1 over.




Figur 2.10: Mogeleg riggplass (raud sirkel) og massedeponi i øvre og nedre del av prosjektområdet for plassering av eventuelle overskotsmassar etter avtale / ynskje frå grunneigarane.

### 2.2.9 Nettilknyting

Det planlagt med ei kabelgrøft på 50 – 100 meter for nettilknyting til Voss Energi sin 22 kV trafo som ligg like ved planlagt tomt for kraftstasjon. Tilknyttinga er planlagt i medhold av Voss Energi sin områdekonsesjon. Kopi av svarbrev frå Voss Energi si nettavdeling er gjeve i vedlegg 8.

Det har lenge vore ein flaskehals i dette nettet mht alle dei planlagde småkraftprosjekta i Teigdalen i Voss kommune. Kapasiteten i Evanger trafo vart auka i 2016 slik at det no er kapasitet til Storagroe kraftverk.

BKK si 22 kV kraftline frå Oksabotn til Evanger transformatorstasjon passerer også like ved planlagt kraftstasjon. Denne har også kapasitet til å ta imot ny kraft. 22 kV kraftlina til BKK frå Oksabotn til Evanger Kraftverk går lengre sør og nærmare Teigdalselva. Begge løysingane let seg gjennomføra og det er difor gjeve ein oversikt over dette i Figur 2.11 under. Det er følgjeleg mest hensiktsmessig å kople seg til Voss Energi sitt nettverk.



Figur 2.11: Oversikt kraftliner i nærområdet. Rett nord går ei 22 kV (forsyningsline til BKK) over til Nesheim i Eksingedalen. Mot høgre på kartet går lina til Oksabotn. Linene til Voss Energi og BKK går parallelt ned Teigdalen.

## 2.3 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Tabell 2.6: Kostnadsoverslag Storagroe kraft med utgangspunkt i NVE sin kostnadstabell for småkraftverk 2010 og erfaringstal i samband med bygging av Gosland Kraftverk 2016.

<b>Storagroe Kraftverk</b>	<b>mill. NOK</b>
Sideinntak	0,73
Overføring grovhol	1,47
Hovudinntak	1,37
Driftsvassvegar	9,39
Kraftstasjon komplett inkl. maskin og elektro	16,08
Kraftline nett- tilknytning	0,40
Transportanlegg	0,57
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, erstatning)	0,60
Uventa kostnader (10 %)	3,0
Planlegging/administrasjon (10 %)	3,3
Finansieringsutgifter og avrunding (2,5 %)	0,91
<b>Sum utbyggingskostnader</b>	<b>37,82</b>

Det vert planlagt med eitt års byggetid og eitt år med planlegging etter ei eventuell investeringsavgjerd. Dersom konsesjon vert tildelt i løpet av 2017 bør ein kunne setje anlegget i drift i 2019.

## 2.4 Fordelar og ulemper med tiltaket

### Fordelar

Det er estimert at Storagroe kraftverk vil produsera ca. 9,0 GWh i eit middels år noko som svarar til årsforbruket til ca. 450 bustader. Tiltaket vil difor bidra til å oppnå lokale, nasjonale og globale målsetjingar om auka produksjon av ny fornybar energi. Kraftverket vil gje inntekt til grunneigarane og slik bidra til å oppretthalde busetjing og vedlikehald av kulturlandskapet i området. Auka aktivitet og inntekt til Voss Energi er med å skape nye arbeidsplassar i bygda, samt at eit eventuelt overskot frå samarbeidet vil koma eigaren Voss kommune til gode.

I anleggsperioden vil bygginga av kraftverket gje auka aktivitet for lokale entreprenørar, leverandørar og næringslivet elles. Vidare vil utnytting av dei lokale ressursane gje auka skatteinntekter til mellom andre Voss kommunen og slik bidra til og oppretthalde det lokale tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.

Bygging av tilkomstveg til sideinntak på austsida av midtfjellet vil medføra tilfredstillande tilkomst med landbrukskjøretøy i samband med skog og landbruksdrifta generelt. Grunneigarane ser på dette som ein positiv gevinst som kan bidra til å auke i omsetnaden for aktuelle grunneigarar.

### Ulemper

Ulemper som tiltaket vil medføre er i hovudsak knytt til redusert vassføring i elvane og den risikoen for redusert naturmangfald som fylgjer av dette. Desse tilhøva er vurdert i konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Andre ulemper som trafikk, støy og sår i landskapet før revegetering vert vurdert som små. Prosjektet er trekt ein del høgdemeter ned, mellom anna for å unngå vesentlege inngrep og sår i overgangen til høgfjellssona. Frå inntaket og nedover er det svært mange eksisterande inngrep som fylkesveg, skogsveg, kraftline med meir. Sjå elles kapittel 4 for diskusjon omkring avbøtande tiltak og mogelege ulemper.

## 2.5 Arealbruk og eigedomstilhøve

### Arealbruk

Tabell 2.7: Estimat for mellombels bruk av areal i anleggsfasen og permanent arealbruk i samband med drift og vedlikehald av Storagroe kraft.

Inngrep	Mellombels (daa)	Permanent (daa)	Ev. merknadar
Overføring grovhol	0,5	0,1	Anslag riggområde for grovholsboring
Inntaksområde	0,8	0,3	Sum begge inntaka
Tillaupsrøyr	68	17	30 m bredt anleggsbelte i anleggsfase (skogrydding 40 m). Anslår restriksjon mot treplanting i eit 10 meters belte langs røyrtrase
Grovhol 400 mm	0,84	0,84	Føresetnad med 400mm grovhol, 0,4m x 210m
Riggområde	2,0		Riggplass og lager
Vegar	2,0	1,2	400 m tilkomstveg for inntaka. 5 m belte under bygging. 3 m etterpå.
Kraftstasjon Inkl. tilkomstveg	1,4	0,8	Tomt ca. 200m <sup>2</sup> Tilkomst ca. 600m <sup>2</sup>
Massetak/deponi	1	-	Evt, avtale med grunneigar
Nettilknytning	1	0	Truleg ca 50 m kabelgrøft over innmark.
<b>Sum</b>	<b>77,54</b>	<b>20,24</b>	

Sjå elles situasjonsplanar i vedlegg 3 for detaljar.

### Eigedomstilhøve

Fallretten i Storagroe ligg i sameige mellom gardsbruka som skissert i Tabell 2.9. Grunneigarane har sjølve teke initiativ til og fått ei rettsleg avklaring på fallretten, ref /ii/. I tillegg er det utarbeidd bruksordningsreglar og vedtekter for Storagroe fall- og grunneigarlag, ref /iii/, for å sikre føreseielege samarbeidstilhøve i framtida.

Voss Energi A/S har inngått samarbeidsavtale med Storagroe fall- og grunneigarlag om utvikling av Storagroe kraftverk. Avtalen gjev Voss Energi A/S rett til bygging og drift av eit kraftverk som nyttar fallet i Storagroe mellom kote 640 og kote 140. Den gjev også Voss Energi alle rettar på grunneigarane sine eigendomar som er naudsynt for å bygge kraftverket.



Tabell 2.8: Grunneigarar som er omfatta av kraftutbygginga.

Namn	G.nr.	B.nr.
Torstein Trå	379	7 & 10
Eivind Idar Brekkhus	379	3
Sjur Brækhus	379	6
Jan Gunnar Botten Århus	379	4
Gunnar Sigvald Brekkhus	379	2
Kjell Jakobsen	379	9
Ove Henning Bjørsvik	379	1
Svein Lien	379	8
Mikkel Thinkler Nilsen	379	17

Oversikt over registrerte eigedomsgrenser frå kartdatabasen er gitt i vedlegg 7.

## 2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

### Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Som fyrste fylket i landet har Hordaland fylkeskommune vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk. Målsetjinga med planarbeidet har vore å samle kunnskap om regionale og nasjonale verdiar i mogeleg utbyggingsområde for å betre grunnlaget for veging av verdiar / interesser og vurdering av sumverknader i småkraftsaker.

Fylkeskommunen har utarbeidd eigne retningsliner for småkraftverk og mange kart som gjev oversyn over verdifulle områder knytt til høgfjell, fjordlandskap, fisk, kulturminne, reiseliv med meir.

Verdikarta er studert for å identifisere eventuelle konflikthar knytt til tiltaket. Tiltaket er vurdert opp mot fylkesdelplanen og andre planar i tidleg fase for å unngå konflikthar. Eit av hovudargumenta i skissefasen for å flytte inntaka ned frå kote ca 600 til under høgfjellsområde / tregrensa, var å unngå synlege inngrep som kunne vera i konflikt med verdikart over sårbart høgfjell, friluftsliv og reiseliv (den grønne sløyfa). Næraste turisthytte ligg ved Volavatnet som er magasin for Evanger kraftverk. Sjå konsekvensvurderinga i vedlegg 9 for detaljar. Elles er det ikkje registrert tilhøve i fylkesdelplanen som må takast særskilt omsyn til i dette prosjektet utover dei tilhøva som er drøfta i vedlegg 9. Fleire av tilhøva og retningslinene som fylkesdelplanen omtalar, er stort sett like krava frå NVE. Eit eksempel på dette kan vera at intensjonen med verdikart over sårbart høgfjellsområde i fylket, vert oppfatta som lik intensjonen for INON kartlegginga i samband med tiltaket. Tilnærminga er noko ulik, men det vert føresett at INON vurderinga i vedlegg 9 er tilfredstillande slik at dokumentasjonskravet til vurdering av verdikart over sårbart høgfjell frå fylkeskommunen også er ivareteke.

Hordaland fylkeskommune har også utarbeidd fylkesdelplan for energi kor delmål 3 og 7 er særskilt relevante for dette tiltaket:

*Mål nr 3: Ny produksjon og bruk av energi i Hordaland må ta omsyn til miljø og arealkonflikthar*

*Mål nr 7: Tilgangen på energiresursar skal gje verdiskaping og danne grunnlag for næring*

Storagroe kraft er ikkje i strid med delmål nr 3 samt at prosjektet er i tråd med og bidreg til delmål nr 7.

#### Kommuneplanar

Prosjektområde er i Voss kommune sin arealplan definert som eit LNF område.

#### Samla plan for vassdrag (SP)

Vassdraget er ikkje behandla i samla plan og får ingen følgjer for andre prosjekter i samla plan for vassdrag.

#### Verneplan for vassdrag

Storagroe er ikkje omfatta av verneplan for Vassdrag.

#### Nasjonale laksevasdrag

Storagroe renn ut i Teigdalselva som høyrer til Vossovassdraget som er eit nasjonalt laksevasdrag. Den anadrome strekinga i Teigdalsvassdraget vil ikkje verta råka av Storagroe kraftverk sidan kraftverket er planlagt ovanfor anadromt vandringshinder ved Kråkefossen. Påverknaden av Vossolaksen er vurdert som ubetydeleg, sjå vedlegg 9 for detaljar.

#### EUs vassdirektiv

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok på møte 29.11.11 planprogrammet for forvaltningsplan for vatn 2016 – 2021. Planprogrammet for Vassregion Hordaland har som mål å syna korleis styresmakter, organisasjonar og andre skal arbeide med vassforvaltninga i åra framover.

Gjennomføring av vassforskrifta, Forskrift om rammer for vassforvaltninga, er den norske innføringa av EU sitt vassdirektiv. Formålet med direktivet er å sikre at alle vassførekomstar skal minst oppretthalde eller oppnå god økologisk og god kjemisk tilstand.

Storagroe Kraft kjem inn under Voss – Osterfjorden vassområde som gjennomførte ein lokal tiltaksanalyse i 2014. Analysen har vurdert påverknad knytt til fysiske inngrep, forureining frå diffuse kjelder og punktutslepp, samt langtransportert forureining i form av sur nedbør som mest gjeldande i vassområde, ref/iv/. I det aktuelle influensområdet er det særskilt peika på rømt oppdrettsfisk i Teigdalselva og manglande minstevassføring frå Volavatnet mm. På Brekklus er det truleg diffuse utslepp frå landbruket som bidreg mest til negativ effekt på vassmiljøet. Storagroe og tiltaksområdet er ikkje nemnt særskilt i tiltaksanalysen. Det vert difor anteke at diskusjonen rundt akvatisk miljø, ferskvassressursar og minstevassføring i konsekvensvurderinga i vedlegg 9 og elles i rapporten, gjev tilfredstillande opplysningar om tiltakets påverknad av vassdraget.

### 3.VERKNADER FOR MILJØ, NATURRESSURSER OG SAMFUNN

Konsekvensutgreiinga for Storagroe kraft er utført av Rådgivende Biologer AS som mellom anna er fundert på dokumentasjon av dei hydrologiske tilhøva utført av Sweco AS. Kapittel 3.1 til 3.4 og kapittel 3.20 er forfatta av Voss Energi delvis med utgangspunkt i hydrologisk rapport. Redigering av resterande delkapittel i utgreiinga om verknader for miljø, naturressursar og samfunn i dette kapittelet er basert på konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Metodikken i konsekvensvurderingane er bygd opp etter prosedyre i tre trinn som skildra i Handbok 140, ref /v/.


#### 3.1 Hydrologi

Utrekna feltstatistikk / tilsigserie for avlaupet til Storagroe kraftverk sitt totale nedbørsfelt basert på Fjellanger som referanseserie er gitt i Tabell 2.5.


##### 5-Persentil Sommarsesong (1.5 – 30.9)

Midlare 5-Persentil for sommarsesongen (1.5 – 30.9) er utrekna til 0,058 m<sup>3</sup>/s. 5-Persentil er plottet over perioden, saman med minimums- maksimums- og medianverdien i Figur 3.1. Areskalert 5- persentil for hhv. hovudinntak og sideinntak vert 46 l/s og 12 l/s.

Varighetskurve for sommarsesongen er vist i Figur 3.2.



Figur 3.1: Persentilar for sommarsesongen (1.5 - 30.9)




Figur 3.2: Varighetskurve for sommarsesongen (1.5 – 30.9)


#### 5-Persentil Vintersesong (1.10 – 30.4)

Midlare 5-Persentil for vintersesongen (1.10 – 30.4) er utrekna til 0,034 m<sup>3</sup>/s. 5-Persentil er plottet over perioden, saman med minimums- maksimums- og medianverdien i Figur 3.3. Arealskalert 5- persentil for hhv. hovudinntak og sideinntak vert 27 l/s og 7 l/s.

Varighetskurve for vintersesongen er vist i Figur 3.4.



Figur 3.3 Persentilar for vintersesongen (1.10 - 30.4)



Figur 3.4: Varighet skurve for vintersesongen (1.10 – 30.4)

Planlagt total minstevassføring for Storagroe kraftverk er 5-persentil sommar på 0,058 m<sup>3</sup>/s og 5-persentil vinter på 0,034 m<sup>3</sup>/s som vist over.

#### Hydrologiske konsekvensar

Vassføringa vil som følgje av tiltaket verta redusert på ein om lag 1,7 km lang strekning i Storagroe og 1,1 km i sideelva før den samlaupar med Storagroe. Dei hydrologiske konsekvensane er evaluert for eit punkt rett nedstrøms hovudinntaket og rett oppstrøms utlaupet av kraftverket.

I utrekningane er det føresett at alt vatn frå sideelva vert overført til hovudinntaket. Det er planlagt med ei fleirstrålers Peltonturbin som ofte har minste pådrag heilt ned mot 5 % av maks. Det er rekna med ei maks slukeevne i kraftverket på 1,40 m<sup>3</sup>/s med ei nedre grense på 0,07 m<sup>3</sup>/s. Det skal ikkje nyttast magasin for regulering, og tilsiget er difor ikkje redistribuert i tid.

I utrekningane til hydrolog er det lagt til grunn teoretisk nedre slukeevne på 10 % medan ein kan forvente reel slukeevne heilt ned mot 5 % av maks. Dette kan medføre at talet dagar utan produksjon i Tabell 3.2 er litt overestimert.

Produksjonsvatn frå planlagt kraftstasjon vil føras ut i Storagroe ca. 400 meter oppstrøms utlaup i Teigdalselva. Langs dette strekket vil den gjennomsnittlege vassføringa reduserast med 48,5 % pga. av relativt stort restfelt. Her finns det ein lokal aurebestand (ikkje anadrom) som er knytt saman med elvesystemet oppstrøms Kråkefossen i Teigdalselva. Plutseleg utfall av kraftstasjoner skjer svært sjeldan og vert i hovudsak initiert av større feil i nettet. Normalt skjer ei nedstenging gradvis og kontrollert og på ein slik måte at tørrlegging av fisk nedstrøms kraftstasjonen er lite sannsynleg. Erfaringsmessig vil det vera størst fare for plutseleg stans og tørrlegging av fisk i samband med test og

igangkøyring av eit kraftanlegg. Om ein vurderer den totale risikoen (frekvens X konsekvens) for påverknad av aurebestanden nedstraums kraftverket i Storagroe, er det Storagroe kraft sin oppfatning at effekten av ein omlaupsventil vil vera svært liten i dette tilfellet.


#### Utrekna resultat for nedstraums hovudinntaket i Storagroe

Den gjennomsnittlege vassføringa vert redusert frå 0,565 m<sup>3</sup>/s til 0,142 m<sup>3</sup>/s, eller til 25,1 % av dagens vassføring. Størst volummessige reduksjon vil oppstå i periodar på vår/sommer og sein haust. I Tabell 3.1 og Figur 3.5 er middelvassføring per måned vist før og etter utbygging.

Tabell 3.2 viser talet dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og talet dagar med mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring. Plott som syner konsekvensane av tiltaket på minimums-, median- og maksimumsvassføringar er gitt i vedlegg 4.

Tabell 3.1: Storagroe nedstraums hovudinntak. Middelvassføringar per måned (1995-2009) i m<sup>3</sup>/s før og etter tiltak.

Månad	Før	Etter	% av eksisterande vassføring
Januar	0,233	0,073	31,2 %
Februar	0,250	0,081	32,4 %
Mars	0,134	0,072	53,5 %
April	0,457	0,096	21,0 %
Mai	1,047	0,201	19,2 %
Juni	1,327	0,308	23,2 %
Juli	0,709	0,102	14,4 %
August	0,427	0,105	24,7 %
September	0,620	0,187	30,1 %
Oktober	0,644	0,189	29,3 %
November	0,590	0,201	34,1 %
Desember	0,343	0,088	25,8 %
Middel	0,565	0,142	25,1 %



Figur 3.5: Månedsmiddelvassføringar (1996-2009) i m<sup>3</sup>/s før og etter tiltak.

Tabell 3.2: Talet dager med tilsig større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring i eit tørt, middels og vått år.


	Tørt år (1996)	Middels år (2003)	Vått år (2005)
Antall dager med vassføring > maksimal slukeevne	17	32	75
Antall dager med vassføring < planlagt minstevassføring + minste slukeevne	180	72	36

### Oppstrams utlaupet av Storagroe kraftverk i Storegrovi

I snitt vil vassføringa verta redusert frå 0,822 m<sup>3</sup>/s til 0,398 m<sup>3</sup>/s, eller til 48,5 % av dagens vassføring. Størst volummessige reduksjon vil oppstå i periodar på vår/sommer og sen høst. I Tabell 3.3 og Figur 3.6 er månedsmiddelvassføringane vist før og etter utbygging.

Tabell 3.3 Storagroe oppstrams utlaup. Månedsmiddelvassføringar (1996-2009) i m<sup>3</sup>/s før og etter tiltak.

Måned	Før	Etter	% av eksisterende vassføring
Januar	0,384	0,223	58,1 %
Februar	0,420	0,251	59,7 %
Mars	0,243	0,181	74,4 %
April	0,728	0,366	50,3 %
Mai	1,500	0,654	43,6 %
Juni	1,738	0,719	41,4 %
Juli	0,922	0,316	34,2 %
August	0,623	0,301	48,4 %
September	0,917	0,483	52,7 %
Oktober	0,962	0,507	52,7 %
November	0,883	0,495	56,0 %
Desember	0,542	0,287	53,0 %
Middel	0,822	0,398	48,5 %



Figur 3.6 Månedsmiddelvassføringar (1960-2009) i m<sup>3</sup>/s før og etter tiltak.

Plott av konsekvensane av tiltaket på minimums-, median- og maksimumsvassføringar presentert i vedlegg 4. Vassføringskurvene legg til grunn ein  $Q_{\max}$  på 250 % og total minstevassføring på 34 l/s vinter 58 l/s sommar.

Fotografi av vassdraget under ulike vassføringar er gitt i vedlegg 6.

### **3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima**

Det er ikkje noko som tyder på at vasstemperatur og lokalklima vil verta endra i særleg negativ grad av det planlagde tiltaket.

Vasstemperaturen nedstraums inntaka vil vera marginalt lågare vinterstid og noko høgare om sommaren fordi den reduserte vassføringa på strekninga vil verta tilpassa temperaturen i omgjevnadene raskare. Dei råka strekningane er korte og verknaden på temperaturen vil difor vera marginal.

Det er heller ikkje grunn til å tru at tiltaket vil påverka lokalklimaet i nemneverdig grad sidan endringane vil verta relativt små.

### **3.3 Grunnvatn**

Det er ikkje funne kartlegging av grunnvasstanden i området. Berggrunnen i tiltaksområdet inneheld stort sett fyllitt og glimmerskifer jf. figur 4 i konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Fleire av gardane på Brekkhus får drikkevatt frå eigen brønn. Desse er avhengig av tilfredstillande tilførsel av grunnvatn i samband med dette. Generelt kan infiltrasjonssyklusen rundt grunnvatn vera kompleks og faktorar som påverkar dette kan vera vanskeleg å identifisera i ulike område (avrenning lokalt, oppkomer, vidtrekkande kanalar / sprekker osv.), ref /vi/. Med bakgrunn i type bergart i området, er det grunn til å tru at grunnvasstanden på Brekkhus er påverka av infiltrasjon både innafor og utafor den råka elvestrekninga. Med bakgrunn i planlagt minstevassføring er det ikkje grunn til å tru at grunnvatnet i området vert nemneverdig råka av tiltaket.

### **3.4 Ras, flaum og erosjon**

Tiltaket vil ikkje forverra flaumtilhøva i elvane. Flaumtilhøva på strekninga med redusert vassføring vil truleg verta noko redusert, medan flaumtilhøva oppstraums inntaka ikkje vil verta påverka. Me fekk ikkje noko treff på skredkart i tiltaksområdet. Ved å studere kart og terrenget på synfaring, er grunn til å tru at deler av røygata ligg i utløpsområde for snøskred frå øst. I botn av sjølve dalføret er det delvis tynt lausmassedekke, men også mykje skredmateriale frå steinsprang, fjellskred og snøskred. Nedgravd røygate vil redusere risikoen i samband med framtidige steinsprang og skred. Det er truleg størst risiko for skade på personell og materiell i samband med ei eventuell utbygging. Dette må implementerast i HMS plan ved ei eventuell utbygging.



Grunneigar har også rapportert om tilfeller av sørpeskred langs elvegjelet som vert utløyst oppstraums hovudinntaket i Storagroe. Faren for sørpeskred vil takast omsyn til ifbm detaljplanlegging av hovudinntaket.

Det er dominerande haustflaumregime og flaumane skjer i periodar med regn og snøsmelting, typisk i perioden september – november. Det planlagde tiltaket vil ikkje å ha nokon varig effekt på tilhøve knytt til erosjon og sedimenttransport utover byggjeperioden.

### 3.5 Raudlisteartar

Ingen raudlisteartar var frå før registrert i influensområdet, men på synfaringa vart det registrert skorpefiltlav (NT), alm (VU), ask (VU) og fossefiltlav (EN). Dette gjev temaet stor til middels verdi. Tiltaket medfører arealbeslag i form av inntak, kraftstasjon og røyrgate. Røyrkata vert planlagt heilt inntil førekomstane av skorpefiltlav, alm og ask og tiltaket vil ha middels negativ verknad for desse. Fossefiltlav vart registrert heilt inntil elva og den reduserte vassføringa vil ha stor negativ verknad for denne førekomsten. Førekomsten av fossefiltlav er spesiell fordi den er sterkt trua (EN). Fleire avbøtande tiltak er difor gjort greie for i eige kapittel og det er vurdert verknad og konsekvens for fossefiltlav med og utan avbøtande tiltak. Dersom dei avbøtande tiltaka vert implementert i samråd med biolog under detaljprosjekteringa, vil tiltaket truleg få liten negativ påverknad på temaet raudlisteartar.

- *Vurdering: Stor til middels verdi og middels til stor negativ verknad gjev stor negativ konsekvens for raudlisteartar (---) dersom avbøtande tiltak ikkje vert iverksett.*
- *Vurdering: Stor til middels verdi og middels til liten negativ verknad gjev middels til liten negativ konsekvens for raudlisteartar (--/-) dersom avbøtande tiltak vert iverksett.*

### 3.6 Terrestrisk miljø

#### Verdifulle naturtypar

Det er fleire naturtyperegistreringar frå influensområdet i DNs Naturbase, men desse ligg utanfor sjølve tiltaksområdet. På synfaringa vart det registrert to bekkekløfter (F09), ein med C-verdi og ein med B-verdi, ein gråor-heggeskog (F05) med B-verdi og eit viktig bekkedrag (D06) med C-verdi i tiltaksområdet sjå Figur 4.1 for oversikt. Dette gjev middels verdi for temaet verdifulle naturtypar. Tiltaket medfører noko hogst i gråor-heggeskogen og noko arealbeslag i den øvste bekkekløfta, ved at det skal etableras inntak der. I tillegg vil kraftstasjonen leggje beslag på noko areal i det viktige bekkedraget. Redusert vassføring vil vera negativt for bekkekløftene. Verknaden av tiltaket vert vurdert som middels negativ.

### **Karplanter, mosar og lav**

Langs elva i nedre del er det gråor-heggeskog. Elles er vegetasjonen langs elva for det meste ein mosaikk av blåbærskog og planta gran, men med enkelte parti med storbregnevegetasjon. I nedre del er det dyrka mark og beitemark. Karplante-, mose- og lavfloraen er for det meste samansett av vanlege artar, men også ein del varmekjære artar og artar i lungeneversamfunnet. Temaet vert vurdert til å ha middels verdi. Tiltaket medfører redusert vassføring på råka strekning og ein del arealbeslag. På sikt vil røyrkata verta revegetert. Den negative verknaden på karplanter, mosar og lav vert vurdert som middels.

### **Fugl og pattedyr**

Ut frå kjende registreringar av fugl og pattedyr, vert det anslått at faunaen er samansett av vanlege artar for regionen. Innslag av både skogsområder og innmark og nærleik til fjellområder, gjer at artsmangfald av fugl og pattedyr truleg er større enn kva som er registrert i kjende databasar. Dette, og sannsynleg hekking av fossefall, gjer at temaet vert vurdert til å ha middels verdi. Auka støy og trafikk i anleggsperioden vil vera litt negativt for blant anna hjort på beite. For fossefall vil den reduserte vassføringa truleg vera noko negativ. Samla vert verknaden for fugl og pattedyr vurdert som liten negativ.

Den samla verdien for terrestrisk miljø er vurdert til middels verdi. Middels negativ verknad for verdifulle naturtypar, middels negativ verknad på karplanter, mosar og lav og liten negativ verknad på fugl og pattedyr gjev middels til liten negativ verknad for terrestrisk miljø.

- *Vurdering: Middels verdi og middels til liten negativ verknad gjev middels til liten negativ konsekvens for terrestrisk miljø (--/-).*

### **3.7 Akvatisk miljø**

Det er noko aure på råka strekning av Storagroe, men det er ikke venta å finne andre ferskvassbiologiske organismar av særskilt verdi her. Redusert vassføring i sommarsesongen vil gje noko redusert produksjon og kan gje noe endra artssamansetjing på råka strekning. Verknaden vert vurdert som liten negativ på akvatisk miljø.

- *Vurdering: Liten verdi og liten negativ verknad gjev liten negativ konsekvens (-) for akvatisk miljø.*

### **3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevasdrag**

Storagroe renn ut i Teigdalselva som har sitt utlaup i Evangervatnet. Teigdalselva er ein del av Vosso som er eit nasjonalt laksevasdrag. Det anadrome strekket i Teigdalsvasdraget vil ikkje verta råka av Storagroe kraftverk sidan kraftverket er planlagt ovanfor anadromt vandringshinder ved Kråkefossen. Tiltaket har ingen nemneverdig verknad for Vosso som nasjonalt laksevasdrag.

### 3.9 Landskap

Gardsbruka på Brekkhus ligg mellom høge fjellparti på begge sider av Teigdalen. Mykje av beitemarka ligg i bratt lende. Tiltaks- og influensområdet kan delast i to landskapsrom:

Øvre landskapsrom som inkluderer det skogdekte dalføret i områda rundt Storagroe og opp til planlagt inntak kor det nesten ikkje finns tre. Den øvre delen av dette landskapsrommet er godt synlig frå vegen, men ikkje nedre del.

Nedre landskapsrom som inkluderer innmark og jordbruksområda rundt Brekkhus. Dette er eit ope landskap og kulturlandskapet her skaper kontrastar mot dalen og fjella bak. Dette landskapselementet er godt synleg frå vegane.

Det meste av nedbørfeltet ligg over den klimatiske tregrensa, medan den råka elvestrekningen ligg under tregrensa delvis i skogdekte områder. Elva renn svært bratt og fleire stader er den djupt nedskoren i terrenget ned mot Brekkhus.

Store deler av dalsidene i influensområdet rundt elva er bart fjell. I botn av sjølve dalføret er det delvis tynt lausmassedekke, men også mykje skredmateriale frå steinsprang, fjellskred og snøskred. Kontrastane ved Storagroe er noko større enn elles i Teigdalen. Landskapet i influensområdet har gode kvalitetar med ein del mangfald i form, farge og tekstur, men er noko prega av inngrep, som til dømes vegar, kraftliner og bruer.

Elva Storagroe er 3-4 meter brei. Substratet inneheld nokre stader fjell, berg og store og mindre steinblokker, medan andre parti av elva har innslag av grus og egna gyteforhold for aure. Det finns ein del store kulpar langs råka elvestrekning og Storagroe inneheld truleg ein eigen bestand med aure. Noko aure kan også koma opp i nedre del av Storagroe frå Teigdalselva. Teigdalen er eit lakseførande vassdrag med vandringshinder ved Kråkefossen (Barlaup 2008), som ligg ca. 140 m nedstraums Storagroe sitt utlaup i Teigdalselva. Det er ikkje tilhøve som indikerer at influensområdet har verdiar for andre ferskvassorganismar ut over det som er vanleg for tilsvarande elvar i regionen.

Klimaet er prega av mykje nedbør og mange nedbørsdagar per år. Middeltemperaturen i løpet av eit år ligg mellom 4-8 °C. Årsnedbøren ligg mellom 2000 og 4000 mm. Tiltaksområdet ligg innanfor mellomboreal vegetasjonssone, medan nedre del ligg innanfor sørboreal sone.

Storagroe er ikkje eit markert landskapselement. Landskapet vert vurdert til å ha middels verdi. Inntaka vil ikkje verta synlege frå vegar i området, men det austre inntaket vert synlig for turgåarar. Røyr gata vil vera godt synleg i landskapet, men fyrst og fremst i områda som ligg like ved vegen. På sikt vil røyr gata verta revegetert, og tiltaksområdet vil gradvis verta mindre synleg. Den reduserte vassføringa vil i liten grad verka inn på landskapsinntrykket. Samla sett vil tiltaket ha liten til middels negativ verknad på landskap.

- *Vurdering: Middels verdi og liten til middels negativ verknad gjev liten til middels negativ konsekvens (-/--).*

### 3.10 Inngrepsfrie naturområde

Fjellområda på begge sider av Teigdalen har inngrepsfrie naturområder, i hovudsak områder i INON-sone 2. Det inngrepsfrie naturområdet i aust er stort og har også nokre små areal med INON-sone 1. Temaet har middels verdi. Røygata er planlagt tett inntil eksisterande vegar og vil ikkje medføre reduksjon eller endring av INON-soner. Tiltaket har ingen verknad for inngrepsfrie naturområder.

- *Vurdering: Middels verdi og ingen verknad gjev ubetydelig konsekvens (0).*

### 3.11 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjent at det er freda kulturminner i influensområdet, men ved Brekkhus er det relativt mange SEFRAK-bygningar. I svarbrev frå Hordaland fylkeskommune datert den 25. juli 2011 vart me bedne om å undersøke nærare med Voss kommune. Det har ikkje kome fram ny informasjon om temaet i samband med dette. Temaet er vurdert til å ha liten til middels verdi. Dei tekniske inngrepa vil ikkje ha verknad for kjende kulturminner og kulturmiljø. Det er heller ikkje nokon freda kulturminner som er registert på Riksantikvaren (kulturminnesøk).

- *Vurdering: Liten til middels verdi og ingen verknad gjev ubetydelig konsekvens (0).*

### 3.12 Reindrift

Det er ingen reindriftingsinteresser i tiltakets influensområde.

- *Temaet reindriftingsinteresser har ingen verdi.*

### 3.13 Jord- og skogressursar

Ved Brekkhus er det ein del fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite (storfe). Det er også ein del skog i influensområdet og noko skogsdrift. Skogen har høg og særst høg bonitet i nedre og midtre deler av tiltaksområdet, medan skogen er uproduktiv oppe ved inntaka. Ein del av skogen er planta gran. Jord- og skogressursar er vurdert til å ha middels verdi. Tiltaket vil medføre ein del hogst i skog av høg bonitet og ein del arealbeslag i jordbruksareal. Verknaden vert vurdert som liten negativ.

- *Vurdering: Middels verdi og liten negativ verknad gjev liten negativ konsekvens (-).*

### 3.14 Ferskvassressursar

Storagroe er i liten grad nytta til vassforsyning. Det er noko avrenning frå dyrka mark i nedste del av elva. Temaet har liten verdi. Graving i samband med etablering av vassveg, kan gje tilførsel til elva og gje redusert vasskvalitet i anleggsperioden. Redusert vassføring vil også vera litt negativt for vassforsyningsinteressene. Verknaden for ferskvassressursar totalt sett vert vurdert som liten negativ.

- *Vurdering: Middels verdi og middels til liten negativ verknad gjev middels til liten negativ konsekvens (--/-).*

### 3.15 Brukarinteresser

Influensområdet er noko nytta til friluftsliv, i hovudsak til turgåing om sommaren av fastbuande. Staden «utsikten», er eit kjent utsiktspunkt på bilvegen opp mot Nesheimsfjellet og er ein populær stad for dei som ferdast på vegen. Langs stien på austsida av Storegroe, har elva opplevingsverdi for turgåarar enkelte stader. Grunneigarlaget driv hjortejakt og småviltjakt i områda rundt Storegroe, men det er ikkje sportsfiske i elva. Temaet er vurdert til å ha til liten til middels verdi. I anleggsperioden vert det auka støy og trafikk i influensområdet til det planlagde kraftverket, samt fleire tekniske inngrep i landskapet som røyrgate, inntak og kraftstasjon. Dette er vurdert til å gje middels negativ verknad for brukarinteressene.

- *Vurdering: Liten til middels verdi og middels negativ verknad gjev liten konsekvens (-).*

### 3.16 Samfunnsmessige verknader

Voss Energi AS har gjort avtale med Storagroe fall- og grunneigarlag, som får ei årleg fallelige, samt at grunneigarane kan eige størsteparten av kraftverket sjølv. Tiltaket vil gje marginal auke i skatteinntekter til Voss kommune. I anleggsfasen vil tiltaket generera noko sysselsetting og auke i den lokale omsetnaden. På grunn av dette vert tiltaket vurdert til å ha ein liten positiv (+) samfunnsmessig verknad, og då fyrst og fremst lokalt for grunneigarane.

### 3.17 Kraftliner

Kraftverket skal knytast til eksisterande nett via jordkabel. Inngrep i samband med tilkopling til eksisterande nett vil vera små og utan nemneverdige konsekvensar.

### 3.18 Dam og trykkroyr

#### Vurdering av konsekvens ved røyrbrot

Røyrgata mellom hovudinntaket i Storagroe og kraftstasjonen er om lag 1700 m lang. I løpet av dei fyrste 350 m kryssar røyrgata fylkesveg 313 to gonger. Vidare

ned mot kraftstasjonen går røyrtraseen i skogsterreng og over innmark. Fleire stader går traseen i nærleiken av mindre trafikkert skogsveg. Elva renn med slak helling i øvste parti og noko brattare ned mot stasjonen. Eit røyrbrot vil kunne medføre skade og erosjon på terreng og infrastruktur, slik som vegane. Ved stasjonen er kastevidda ved eit fullstendig røyrbrot 19,1 m. Innafor sprutsona ved ein mindre sprekk/hol i røyrret ligg det opptil 9 bustadekvivalentar.

#### Vurdering av konsekvens ved røyrbrot, grovhol

Overføringa i mellom sideinntak på austsida av Midtfjellet ved ca kote 510 og hovudinntaket ved ca. kote 480 i Storagroe er om lag 210 m lang og går med slak helling i heile lengda. Det er planlagt å ha overføringa via grovhol gjennom Midtfjellet kor det vil vera solid bakomfylling slik at sprekk eller brot på denne overføringa vert vurdert som svært lite sannsynleg. Ein kan i verste fall koma i kontakt med setningar og sprekker som ledar delar av vatnet ut av grovholet. Dette vil i så fall verta ei anleggsteknisk utfordring som må løysast med omsyn til både tryggleik og driftsoptimalisering. Dersom det er relevant med klassifisering av ei slik overføring gjennom fjellet vert det foreslått klasse 0.

#### Vurdering av konsekvens ved dambrot ved hovudinntaket i Storagroe

Dambrot vil gje auka vassføring i elva, hovudsakleg i øvste del. Etter om lag 850 meter kryssar elva ein lite trafikkert grusveg. Omlag 125 m nedstraums dammen renn elva under fylkesveg 313. Brua er omlag 6,5 m brei og 3 m høg. Vassføringa ved eit dambrot vil mest sannsynleg passere her utan å gjere store skader på brua og vegen, men med mindre skader på grunn av erosjon. Vidare nedover elvelaupet vil eit dambrot kunne medføre skade og erosjon i elvelaupet og omkringliggende terreng. Ein slik ulykkessituasjon vert vurdert til å ha små/ingen konsekvensar.

#### Vurdering av konsekvens ved dambrot i sideinntak på austsida av Midtfjellet

Dambrot vil gje auka vassføring i elva, hovudsakleg i øvste del. Frå dammen og ned til fylkesveg 313 er det om lag 250 meter. Eit dambrot vil ikkje kunne gjera stor skade på vegen. Ulykkessituasjonen vert vurdert til å ha små/ingen konsekvensar.

Med bakgrunn i dette er det framlegg om klasse 0 på begge damanlegga, klasse 0 på overføring gjennom grovhol og klasse 2 for hovudtrykkroyr frå inntak i Storagroe til kraftstasjonen ved ca kote 160. Sjå eige skjema for klassifisering av dammar og trykkroyr som er lagt ved denne konsesjonssøknaden for detaljar.

Vidare er det framlegg om klasse 1 for alternativ løysing for overføring mellom inntaka dersom det skulle verta relevant, jamfør kapittel 3.18 under.

### **3.19 Eventuelle alternative utbyggingsløyser**

I forprosjektet er det vurdert over 10 ulike utbyggingsalternativ for å nytte vatnet i Storagroe til vasskraft. Basert på ei heilskapleg vurdering av økonomi, teknikk, anlegg og biologi synest det føremålstenleg å ha inntaket ved kote ca. 480. Teknisk plan for det søkte alternativet er godt gjennomarbeidd og basert på mange synfaringar med Voss Energi, Bystøl A/S, Rådgivende Biologer AS og

representantar for grunneigarane. Med bakgrunn i dette er det ikkje vurdert som føremålstenleg å søkja om alternative utbyggingsløyser, berre løyve til å utføra mindre justeringar av trase for vassveg i samband med detaljprosjektering og godkjenning av planane.

### 3.20 Samla vurdering

Ei oversikt over verdi, verknad og konsekvens for dei ulike fagtema som diskutert over, er presentert i Tabell 3.4. Tabellen er henta frå konsekvensutgreiinga i vedlegg 9 og er utført av Rådgivende Biologer etter standardisert kvalitativ metode. Voss Energi har ingen vesentlege innvendingar mot denne utgreiinga og vurderer det slik at konsekvensane ved tiltaket kan reduserast til eit akseptabelt nivå ved innføring av framlagde avbøtande tiltak jamfør kapittel 4.

Tabell 3.4: Oppsummering av verdi, verknad og konsekvens av en utbygging av Storagroe Kraftverk.

Tema	Verdi			Verknad					Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten / ingen	Middels	Stor pos.	
Raudlisteartar <i>Utan avbøtande tiltak</i>	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----	▲				Stor negativ (---)
Raudlisteartar <i>Med avbøtande tiltak</i>	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Middels til liten negativ (--/-)
Terrestrisk miljø	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Middels til liten negativ (--/-)
Akvatisk miljø	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Liten negativ (-)
Vemeplan for vassdrag/ nasjonale laksevassdrag	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Ubetydelig (0)
Inngrepstfrie natur- områder	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Ubetydelig (0)
Landskap	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Liten til middels negativ (-/--)
Kulturminner og kulturmiljø	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Ubetydelig (0)
Jord- og skogsressursar	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Liten negativ (-)
Ferskvassressursar	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Middels til liten negativ (--/-)
Brukarinteresser	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Liten negativ (-)
Reindrift	----- -----	----- -----	▲	----- ----- ----- -----		▲			Ubetydelig (0)

### 3.21 Samla belastning

Sjå kapittel 1.6 og figur 2-3 i vedlegg 2 for planlagde kraftverk i nærliggjande vassdrag. NVE si kartlegging av potensial for småkraftverk syner at Voss kommune har eit relativt stort potensial for vidare kraftutbygging. Siste års aukande uvisse knytt til framtidig lønsemd har imidlertid gjort det utfordrande å realisere nye vasskraftprosjekter.

Teigdalen er litt spesiell sidan mange bekkar og elver synes godt frå fylkesvegen gjennom dalen med stupbratte fjell på kvar side. Tverrjuvlo, Kvernhusgroe og Togroe har ein viss intrykkstyrke i periodar av året sidan deler av elva inneheld fossefall. Men det finns mange mindre flaumelvar som kjem til syne i nedbørsrike periodar som skapar og opprettheld hovudintrykket langs dalen sjølv om nokon av elementa skulle verta redusert som fylgje av kraftutbygging. Dei fleste flaumelvane vil ikkje vera lønsame å byggje ut sjølv med doble eller tredoble prisar, slik at dette vil til ein viss grad regulera seg sjølv. Det er difor grunn til å tru at den samla belastninga på landskapet og elvane som inntrykkselement rundt i Teigdalen vil vera akseptabel også i framtida.



*Figur 3.7: Bilete frå Utsikten mot aust. Elvane på bilete renn inn mot råka strekking i Storagroe nedst i dalen og bidreg til restvassføringa nedstraums hovudinntaket til Storagroe kraft. Hovudinntaket ligg nede i kløfta eit stykke til venstre for bilete. Små elvar som ikkje vil verta lønsame å bygge ut er typiske for Teigdalen og bidreg til det flotte landskapsintrykket.*

Den råka delen av Storagroe ligg i all hovudsak skjult av skog og terreng og gjev ikkje noko vesentleg intrykkstyrke som landskapselement. Fylkesveg 313 over Nesheimsfjellet kryssar elva fleire gonger, og på desse punkta kan opplevinga med flaum i periodar verta redusert. Om ein ser vekk frå midlertidige sår som omtala i konsekvensvurderinga i vedlegg 9, er avkjørsle til inntaka truleg det som vil synast best på veg opp til Utsikten. «Utsikten» er ein stad mange bilturistar stoggar for ein pust i bakken og for å nyte den storslåtte utsikten over Teigdalen. Ein vil truleg kunne sjå deler av hovudinntaket frå Utsikten om ein ser tilbake og austover ned i bekkekløfta. Det er likevel ikkje grunn til å tru at turistar og folk flest som køyrer på veg forbi vil få si oppleving med utsikten vesentleg redusert, sidan råka elvestrekning og tiltaket stort sett ligg i skogsområde utan å ha høg intrykkstyrke i utgangspunktet. Figur 3.7 og Figur 3.8 syner bilete frå Utsikten mot ulike himmelretningar.





*Figur 3.8: Bileta er tekne frå Utsikten. Bilete til venstre er teke mot sørvest nedover Teigdalen. Bilete til høgre er teke mot tiltaksområdet i søraust. Vassvegen til Storagroe kraftverk er planlagt langs kanten av jordet ca midt i bilete.*

Treslaga alm, osp og ask førekjem relativt hyppig i influensområdet. Grunneigarar nyttar ofte desse treslaga til ved og bygningsmaterialar og er ofte lite medvitne kor viktige habitat desse er for sjeldne og trua artar. Dersom nokre av desse treslaga vert råka av dei ulike kraftverksprosjekta i dalen, er det grunn til å tru at den samla belastninga i samband med grunneigarane sin vedhogst er vesentleg større. I eit slikt perspektiv synes belastninga frå kraftverksutbygginga relativt liten. Prosjektet vil forsøka å auka medvitet til grunneigarane rundt verdien av desse artane og slik kan ein truleg kunna redusera den samla belastninga på arten i området. Som eit døme kan det nemnast at det var vedhogst like inntil den enkeltstående ospa med identifisert fossefiltlav ved Storagroe vinteren 2010. I følgje grunneigar, ref /vii/, var det tilfeldigheit som førte til at dei ikkje tok med seg denne ospa også. I så fall hadde den identifiserte førekomsten vore vekke frå staden i dag, medan det planlagde prosjektet vil følgje opp og prøva å ta vare på arten.

Den samla reduserte verdien knytt til friluftsliv, jakt og fiske i dei mulige tiltaksområda langs Teigdalen vert vurdert som neglisjerbar. I dei aktuelle områda mellom stasjon og inntak er det stort sett grunneigarane som ferdast. Dei råka elvestrekningane er fysisk relativt utilgjengeleg og lite nytta av utanforståande. Utanbygdes friluftsnutarar oppheld seg ofte i dalen langs Teigdalselva for å fiske eller oppe på høgjellet. Det er lite ferdsel i fjellssidene

mellom inntak og kraftstasjon. For grunneigarane sjølve er den eventuelle verdien knytt til kraftverksutbygginga så stor at konsekvensane vert vurdert som neglisjerbare.

Nedste del av elvene som renn ut i Teigdalselva nedanfor Kråkefossen er alle potensielle gyteplassar for anadrom fisk. Generelt vert pålegga om minstevassføring vurdert som tilfredstillande for å oppretthalda tilnærma like gyteforhold i dei råka elvene. Kwart prosjekt vert vurdert for seg og dersom alle får pålegg om å ivareta gytetilhøva så godt som råd, er det grunn til å tru at sumverknadene førebels er akseptable. Storagroe ligg oppstraums Kråkefossen og dermed oppstraums potensiell anadrom del av Teigdalselva, sjå kart i figur 8 – 1 i vedlegg 8 for lokalisering av Kråkefossen.

Vedkomande Vossolaksen generelt er det knytt mykje uvisse til årsakstilhøvet i tilbakegangen. Ein er difor kjend med at dei fleste tiltaka i potensielle gyteområde får pålegg ut frå førevar prinsippet, naturleg nok. Det er fleire røyster som no hevdar at store deler av problemet ligg i det generelle økosystemet i havet. Kraftverksbransjen er svært interessert i å koma nærare svaret på dette mysteriet, slik at dei ulike kraftverksprosjekta kan påleggjast presise tiltak som sikrar så små konsekvensar på miljøet rundt som mogeleg.

Den samla verknaden for dette området med tanke på kraftutbygging kan truleg diskutierast sidan Teigdalselva har vore vesentleg regulert i mange år. Men dei synlege konsekvensane for friluftsliv og landskap som følgje av nye småkraftverk, vert vurdert som relativt små med bakgrunn i dagens krav til miljøomsyn i samband med kraftverksbygging.

## 4. AVBØTANDE TILTAK

### 4.1 Minstevassføring

Redusert vassføring i Storagroe vil råka dei ålmenne interessene som er knytt til elvane.

Minstevassføring er eit tiltak som ofte kan bidra til å redusere dei negative konsekvensane knytt til ei utbygging. Trong for minstevassføring vil variere frå stad til stad, og alt etter kva for tema og fagområde som vert vurdert. Trong for minstevassføring for relevante tema er diskutert i konsekvensutgreiinga i vedlegg 9. Tabell 4.1 gjev ei oppsummering kor Rådgivende Biologer AS har kvantifisere trongen for minstevassføring i samband med Storagroe kraftverk for dei ulike fagområde som er omtala i Vassressurslova sin § 10. Trongen for minstevassføring er gitt på ein skala frå små/ingen trong (0) til svært stor trong (+++).


Tabell 4.1: Trong for minstevassføring i samband med Storagroe Kraftverk (skala frå 0 til +++) jf. vedlegg 9.

Fagområde/tema	Trong for minstevassføring
Raudlisteartar	+++
Terrestrisk miljø	++
Akvatisk miljø	+
Verneplan for vassdrag / nasjonale laksevassdrag	0
Landskap	+
Inngrepsfrie naturområder	0
Kulturminner og kulturmiljø	0
Reindrift	0
Jord- og skogressursar	0
Ferskvassressursar	++
Brukarinteresser	+

For å redusere dei negative konsekvensane til eit akseptabelt nivå, er det mellom anna foreslått ei minstevassføring tilsvarande 5-persentilar for sesongane. Nedstraums inntaka vert den gjennomsnittlege vassføringa redusert frå 0,565 m<sup>3</sup>/s til 0,07 m<sup>3</sup>/s, eller til 12,4 % av dagens vassføring. Utrekningane i vedlegg 4 syner at 14,6 % av vassføringa nedstraums hovudinntaket kjem som følgje av flaumtap, 7,4 % kjem som minstevassføring og 1,1 % fordi vassføringa er mindre enn minste slukeevne. Interessene knytt til drikkevatt og temaet ferskvassressursar generelt vert vurdert som ivaretekne med føreslåtte minstevassføring i samband med drift av anlegget. I samband med utbygginga må tiltakshavar avklare avbøtande tiltak i samråd med råka grunneigar.

Trongen for minstevassføring mellom inntak og utlaup er mellom anna knytt til vassføringa sin verdi for den vassdragstilknytta naturtypen «bekkekløft og bergvegg» og for førekomsten av fossefjell. Det vil alltid vera ei uvisse knytt til både artane sin trong for vatn og effekten av dei avbøtande tiltaka som ofte er relativt generelle utan å ta omsyn til dei komplekse detaljane i elveleiet og mogeleg verknad. For å gje ein oversikt før vidare diskusjon og framlegg til fleire

avbøtande tiltak, er kart over elva med avgrensa naturtypar og raudlisteførekomstar for planlagt Storagroe synt i Figur 4.1, jamfør figur 9 i konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Kartet syner at elvane nedstraums hovudinntak og sideinntak fyrst møtest etter ca. 900 meter. I tillegg ser ein at elva deler seg like oppstraums førekomsten av fossefylltav kor det vestre elveleie fører mest vatn ved låge vassføringar jf figur 6-8 i vedlegg 6.



Figur 4.1: Tiltaksområdet med avgrensa naturtypar og raudlisteførekomstar for planlagt Storegroe kraftverk, jf. figur 8 i vedlegg 9.

#### 4.1.1 Minstevassføring nedstraums sideinntaket

Tilsigsfeltet til sideinntaket er på ca. 1,14 km<sup>2</sup> medan det samla tilsigsfelt med overføring til hovudinntaket er ca. 5,47 km<sup>2</sup>. 5-persentil sommar for det totale feltet er utrekna til 58 l/s. Ved å skalere dette til sideinntaket sitt tilsigsfelt på 1,14 km<sup>2</sup> får ein ei minstevassføring på 12 l/s om sommaren og 7 l/s om vinteren.

Ca. 300 meter nedstraums sideinntaket kjem det inn eit vesentleg restfelt via bekk gjennom gråor-heggeskog. Arealet til dette restfeltet er ca. 0,45 km<sup>2</sup> samt at det ligg mellom ca. kote 450 og kote 1000. Dersom ein arealskalerer tilsiget i dette restfeltet med bakgrunn i utarbeida tilsigsserie ( $(0,45 \text{ km}^2 / 5,5 \text{ km}^2) \times 0,565 \text{ m}^3/\text{s}$ ), får ein estimert middelvassføringa i bekken til ca. 46 l/s. I tillegg kjem det fleire bekkar inn etter ca. 200 nye meter langs denne delen av elva, før elva renn gjennom den vassdragstilknytte naturtypen bekkekløft og bergvegg (F09) som vist i Figur 4.1.

Med bakgrunn i dette vil vassføringa i tilknytning til dei identifiserte vassdragstilknytte naturtypane gråor-heggeskog samt bekkekløft og bergvegg, vera vesentleg høgare enn den typiske 5-persentilen for den naturlege middelvassføringa i denne delen av elva nedstraums sideinntaket. I tillegg vil ein få nokolunde same dynamikken og prosentvis vasstap frå sideinntaket i samband med flaumoverlaup som frå hovudinntaket.

Det er difor grunn til å tru at den føreslåtte løysinga vil gje tilfredstillande fukt til bekkekløfta og periodar med flaumoverlaup som er viktig for å vedlikehalde opent berg, og dermed egna substrat for pionermosar etter ei eventuell utbygging.

I snitt vil vassføringa like oppstraums utlaup frå kraftverket verta redusert frå 0,822 m<sup>3</sup>/s til 0,398 m<sup>3</sup>/s, eller til 48,5 % av dagens vassføring som nemnt i kapittel 3.1. Den relative forskjellen i vassføring vert gradvis redusert dess lenger ned mot kraftstasjonen ein kjem.

Med bakgrunn i ovannemnte vurderer Voss Energi at vassføringa nedstraums sideinntaket i samband med planlagt tiltak er tilfredstillande.

#### 4.1.2 Minstevassføring nedstraums hovudinntaket

Den største identifiserte verdien i tiltaks- og influensområdet i Storegroe er førekomsten av fossefiltlav på ei enkeltstående osp langs elva. Økologien til arten er gjort greie for i konsekvensutgreiinga i vedlegg 9. Det er knytt uvisse til kor mykje vassføring den er avhengig av og kor stor reduksjon i vassføring den tåler. Som det kjem fram av Figur 3.5, så renn det mykje vatn i Storagroe i vekstsesongen (mai til august), ein periode som delvis fell saman med sommarsesongen i diskusjonen om minstevassføring. Det er føresett at fossefiltlav krev eit svært fuktig miljø for å trivast. Figur 4.2 syner eit ortofoto av nærområdet rundt den identifiserte førekomsten av fossefiltlav.



Figur 4.2: Ortofoto som syner nærområdet rundt den identifiserte førekomsten av Fossefiltlav, ref /viii/.

Som det kjem fram av bileta i vedlegg 6 vert mesteparten av vatnet (anslag 60 – 90 %) naturleg kanalisert inn mot lokaliteten til ospa ved små vassføringar. Kunstig kanalisering kan vurderast for å optimalisere vasstraumen forbi ospa dersom dette vert vurdert som hensiktsmessig. Vidare vert vatnet leda på fjell i dagen i vestre ytterkant av elva like oppstraums ospa. Like før vatnet passerer ospa vert det foreslått å bygge ein eller fleire tersklar som kan halda på vatnet (vasspegel) for å sikre eit fuktig miljø i området. Tersklane må tilpassast på staden for å gje best mogeleg effekt og minst mogeleg synleg inngrep. Eksisterande terreng er utforma slik at ved små vassføringar sprutar vatnet litt når det treff nærområdet til ospa, jf figur 6-10 i vedlegg 6. Denne effekten vil søkjast optimalisert ved utforming av terskel for vasspegel ved ospa. Ved innføring av desse tiltaka meiner Voss Energi den føreslåtte minstevassføringa på 46 l/s er tilfredstillande.

Sjølv utan bygging av det planlagde Storagroe kraftverk som reduserer vassføringa i elva, vil ospa leve sitt liv. Den vil ikkje kunne stå der til evig tid jamfør 0-alternativet i konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Summen av dei framlagde tiltaka med minstevassføring, tersklar og kunstig sprutsone vil likevel auke sannsynet for at førekomsten vil trivast lenger og kanskje utvikla seg vidare.

Det er planlagt med at førekomsten si utvikling vert fylgt opp med jamlege synfaringar, slik at ytterligere tiltak kan vurderast dersom arten ikkje trives under dei nye tilhøva.

I 2012 vart det utført eit grundigare feltstudie for å sjekke om arten finns andre stader i nærområdet til prosjektet. Fossefiltlav vart registrert i ein ny lokalitet, ein sidebekk til Teigdalselva. Her var det fossefiltlav på ei liggjande Osp og ei ståande rogn like ved. Ein kan heller ikkje utelukke at arten finns andre stader i nærområdet. Sjå vedlegg 9 for utfyllande dokumentasjon av feltarbeidet. Dette funnet kan vera ein god referanse for den råka førekomsten av fossefiltlav i Storagroe, samt at verdien for den eine identifiserte førekomsten kanskje kan reduserast noko som ein del av heilskapen i området.

#### **4.1.3 Framlagde avbøtande tiltak frå konsekvensutgreiinga**

Auka minstevassføring i vekstsesongen og terskel er drøfta som mogelege avbøtande tiltak i samband med konsekvensvurderinga i vedlegg 9. Voss Energi og Rådgivende Biologer har hatt fleire gode og løysingsorienterte diskusjonar rundt dette temaet, ref /ix/. Som nevnt over er dei fleste elveleia unike og det er knytt uvisse til både kva arten vil krevje for å trivast samt kva tiltak som oppfyller intensjonen. I første utkast til konsekvensutgreiing var avbøtande tiltak lista opp på generelt grunnlag utan å ta omsyn til detaljar rundt dei særskilte tilhøva i denne elva. Voss Energi er stort sett samd i dei føreslåtte tiltaka frå biologane, men trur ikkje ei dobling av minstevassføring vil vera naudsynt dersom ein utfører tiltaket med ein eller fleire tersklar, mulig kanalisering og systematisk oppfølging.

#### **4.2 Støydempande tiltak**

Støyreducerande tiltak i samband med kraftstasjonen vil få eit særskilt fokus i detaljprosjekteringa på grunn av plassering ca. 100 meter frå næraste bustad.

I detaljprosjekteringa vil ein vektleggja optimal plassering av vifter, luftkanalar, lydfeller, betongvegger osv. Vassavkjølt generator og transformator skal også vurderast i prosjektet som eit mogeleg støyreducerande tiltak sidan kjølevifter ofte bidreg vesentleg til uønskt støy nær kraftstasjonar. Voss Energi har nyleg bygt ut Gosland Kraftstasjon (sett i drift mai 2015) i tilknytning til eksisterande tun. I dette prosjektet har dei implementerte støytiltaka gjeve svært godt resultat. Erfaringane herifrå vil vidareførast i eit eventuelt prosjekt på Brekkhus. Elles vil Voss Energi leggja til grunn fastsette grenseverdiar i gjeldande regelverk.

#### **4.3 Avfall og forureining**

Ei eventuell forureining av overflatevatn vil kunne medføre at både grunnvatnet og vassdraga nedstrøms forureininga vert råka. Sjølv med små mengder forureina vatn som vert infiltrert til grunnvatnet, kan vatn frå drikkevassbrønnar i området vera midlertidig utrygt å drikke. Det er difor viktig med høgt fokus på ekstra barrierar mot forureining i anleggsperioden. Aktuelle entreprenørar vil følgjast opp slik at olje og drivstoff vert samla opp dersom det oppstår lekkasje. Det skal også vera oljeabsorberande materiale på staden som kan nyttast dersom uhellet er ute.

Prosjektet vil iverksette tiltak for å redusere eventuelle konsekvensar knytt til steinstøv og sprengstoffrestar til eit minimum. Prosjektet vil mellom anna søkja å ta omsyn til økosystemet ved å unngå å sleppe eventuelle restar av steinstøv og sprengstoff til vassdraget når naturen er ekstra sårbar for slikt. Ein vil også etablere sangfangdam dersom relevant, for å unngå at avlaupet/restane frå grovholsboringa går direkte ut i vassdraget. Dette vert litt avhengig av teknisk gjennomføring (trykkluft eller vasskjøling). Risikoreduserande tiltak vil her utarbeidast i samråd med anleggsteknisk personell og biolog.

Avfallshandtering og tiltak mot forureining vil elles vera i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Alt avfall vil fjernast og takast ut av området.

#### **4.4 Kraftverk og inntak**

Det vil vektleggast å gi både inntak og kraftstasjon ei god arkitektonisk og landskapsmessig tilpassing i terrenget. Skisser til kraftstasjonen er utarbeidd i samarbeid med arkitekt og grunneigarane. Det er ynskjeleg å nytte 3D visualisering i detaljprosjekteringa også, for å sikre god kommunikasjon og best mogeleg tilpassing og plassering.

#### **4.5 Riggområder**

Riggområda vil avgrensast fysisk slik at anleggsaktivitetane ikkje nyttar eit større område en naudsynt jamfør kapittel 2.2.8.

#### **4.6 Anleggsveggar og transport**

Avkjørsler mot inntak og kraftstasjon vil tilpassast terrenget og leggast slik at ein så langt det er råd unngår store skjeringar og fyllingar som viser att i landskapet. Ein vil identifisere og eventuelt merka førekomst av osp, alm og ask før arbeidet tek, til for å sikre at desse artane vert tekne vare på i størst mogeleg grad.

#### **4.7 Framføring av røyr og kablar**

Det er planlagt med nedgrave røyrgate og kabel for tilknytning til nettet. Dette gjev synlege inngrep på kort sikt medan inngrepa vil vera neglisjerbare når revegetering har funne stad. Løysinga med grovhol gjennom midtfjellet vil redusere inngrep knytt til overføring til eit minimum.

#### **4.8 Vegetasjon**

Revegetering vil normalt ta utgangspunkt i staden vegetasjon. Dette er som regel både den rimelegaste og miljømessig mest gunstige måten å revegetera på. Dersom tilsåing vert naudsynt (t.d. for å framskynde revegetering og hindre erosjon i bratt terreng), vil frøblandingar frå stadeigna artar nyttast. Ein vil også



legge opp til å ta vare på den opphavlege tre- og busk vegetasjonen langs trase for vassveg der det er relevant. Mesteparten av strekket vil røyrigata gravast ned aust for Storagroe utan at vegetasjonen langs elvekanten vert råka.

#### **4.9 Raudlisteartar**

Førekomsten av fossefiltlav vil identifiserast og merkast for å sikre at den ikkje vert råka i samband med anleggsarbeidet. Det same gjeld habitat og substrat for arten, slik at desse også i størst mogeleg grad vert ståande urørt. Det er relativt mykje osp, alm og ask i tiltaksområdet. Dersom det vert naudsynt å flytte nokre trær i samband med kraftstasjonen, vil ein søkje råd og rettleiing hos biolog. Dersom det skulle verta trong for det, kan ein til dømes grave fram rota og plante trea like i nærleiken i samråd med biolog.

#### **4.10 Kunstige hekkeplassar**

Det vil setjast opp reirkassar i nedre del av Storagroe for å sikra Fossekallen sin mogelegheit til å hekke. Dette arbeidet vil utførast i samråd med biolog.

## 5.REFERANSAR OG GRUNNLAGSDATA

- /i/ Bystøl AS
- /ii/ Indre Hordaland Jordskifterett sak 1230 – 2008 - 0014
- /iii/ Indre Hordaland Jordskifterett sak 1230 – 2010 - 0022
- /iv/ <http://docplayer.me/11575393-Tiltak-i-vassomradet-voss-osterfjorden.html>
- /v/ Håndbok 140 – Statens vegvesen 2006
- /vi/ [www.grunnvann.no](http://www.grunnvann.no)
- /vii/ Samtale mellom Yngve Tranøy, Voss Energi, og Grunneigar Torstein Trå, oktober 2011.
- /viii/ <http://www.norgebilder.no/>
- /ix/ Diverse telefonsamtaler og epost korrespondanse mellom Yngve Tranøy, Voss Energi AS, og Per G Ihlen, Rådgivende Biologer AS februar og mars 2012.

# Vedlegg 1

## Regionalt kart


Konsesjonssøknad Storagroe Kraft

*Voss Energi, 30. september 2016*

Storgroe ligg innerst i Teigdalen i Voss kommune i Hordaland Fylke.



Figur 1 - 1: Oversiktskart kor tiltaksområdet er skissert med blå sirkel.



Figur 1 - 2: Oversiktskart med tiltaksområdet innringa med blå sirkel.


# Vedlegg 2

## Oversiktskart


Konsesjonssøknad Storagroe Kraft

*Voss Energi, 30. september 2016*

Storegroe ligg innerst i Teigdalen i Voss kommune i Hordaland Fylke.



Figur 2 - 1: Oversikt nedbørsfelt for Storegroe (raudt) og vurderte avløpsstasjonar i området. Restfeltet er indikert med grøn stipla line, kraftstasjon raud firkant og inntak til kraftverket er indikert med kvit og blå sirkel, ref /Kjetil Sandsbråten Sweco/.




Figur 2 - 2: Tilsigsfelt (stipla raudt) og restfelt (stipla grønt) for Storegroe Kraftverk.

Figur 2 - 3: (Neste side) gjev oversikt kraftutbygging i Voss Kommune, ref /nve.no/. Kartet er utarbeida av NVE. Kvart småkraftverk har ei eiga nettside på [www.nve.no](http://www.nve.no). På nettsidene kan ein henta ut meir informasjon om plassering til kvart einskild prosjekt ved å nytte vidare lenke til NVE-atlas.




### Kraftutbygging i Voss kommune, Hordaland fylke

1:120 000



- Under bygging
- Voss pakken
- Andre søknader
- Avslått
- Gitt konsesjon
- Utbygd  $\geq$  1 MW
- Konsesjonspliktig
- Konsesjonsfritt
- Utbygd < 1MW
- Inntak
- Omsøkt vannvei
- Vannvei





# Vedlegg 3

## Situasjonsplanar og teikningar

Konsesjonssøknad Storagroe Kraft

*Voss Energi, 30. september 2016*





**FØREBELS TEIKNING SMAKRAFT BREKKHUS**

REV	ENDRINGAR	DATE	SIGN
	Prosjekt		Prosjekt nr
	SMAKRAFTANLEGG BREKKHUS		970-11
	GNR - 379 BNR - 9		

Mossige AS arkitektur  
 Bergsilplass 2, postboks 294  
 N-5702 VOSS

Telefon 922 48 847  
 e-post baard@mossige.no  
 www.mossige.no

TEIKNINGSTITTEL

**SITUASJONSPLAN**

førebels teikning


MÅL	DATE	TEIKN	ANSV	KONT	SJAKS	TEIKNR	REV
1:500	08.12.2011	BM	BM	BM		A101	

# Vedlegg 4


## Hydrologiske kurver

Konsesjonssøknad Storagroe Kraft


*Voss Energi, 30. september 2016*



**Figur 4 - 1:** Vassføringa i Storagroe, rett nedstraums hovudinntak (1996-2009), daglege verdier før og etter utbygging. Minimumsvassføringar (0-persentil) øverst, medianvassføringar i midten og maksimumsvassføringar (100-persentil) nederst.




**Figur 4 - 2:** Utrekna vassføring før og etter utbygging, rett nedstrøms inntak, i eit tørt år (1996), eit "middels" år (2003) og eit vått år (2005).



**Figur 4 - 3:** Vassføringa i Storagroe, rett oppstrauts utløp (1996-2009), daglege verdier før og etter utbygging. Minimumsvassføringar (0-persentil) øverst, medianvassføringar i midten og maksimumsvassføringar (100-persentil) nederst.





**Figur 4 - 4:** Utrekna vassføring før og etter utbygging, rett oppstrøms utløp, i eit tørt år (1996), eit "middels" år (2003) og eit vått år (2005).

### Utrekning av nytteleg vassmengd til produksjon ved hjelp av hydrologiske data

Utrekna nyttbar vassmengd ved bruk av omsøkt alternativ på om lag  $2,5 \cdot Q_{\text{middel}}$  som svarar til maksimal slukeevne på  $1,4 \text{ m}^3/\text{s}$  og minimum slukeevne på  $0,07 \text{ m}^3/\text{s}$ . Hydrolog som utførte utrekningane i tabellen under har lagt til grunn ei minste slukeevne i kraftverket på 5 % av maks.

	% av middelvassføringa	Mill.m <sup>3</sup>
Tilgjengelig vassmengd <sup>1</sup>	100 %	17,83
Utrekna vasstap fordi vassføringa er større enn maks slukeevne	14,6 %	2,59
Utrekna vasstap fordi vassføringa er mindre enn min slukeevne	1,1 %	0,20
Utrekna vasstap på grunn av slipp av minstevassføring	7,4 %	1,33
Nyttbar vassmengde til produksjon	76,9 %	13,71


<sup>1</sup> Normalavløp 1961-1990 (eller forventet gjennomsnittlig årlig avløp).

# Vedlegg 5

## Fotografier av råka område

Konsesjonssøknad Storagroe Kraft

*Voss Energi, 30. september 2016*



*Figur 5 - 1: Oversiktsbilete Brekkhus og Århus. Ca trase for vassveg er markert med raud stipla line. Foto: Svein Ulvund.*


**Bilete over inntaksområdet:**



*Figur 5 - 2: Bilete er teke nedover (sørover) Storagroe frå like over den klimatiske tregrensa. Ca område for inntak er vist med svart pil. Foto: Nils Fatland*



*Figur 5 - 3: Bilete over inntaksområdet tatt frå sør mot nord. Inntaket i hovudelva er markert med pil. Vassvegen vil gå på venstre side av elva like ved avkjørsle til inntaket. Sjå vedlegg 3 for situasjonsplan. Foto; Ole Reidar Flatby*



Figur 3 - 1: Bilete av område for hovudinntak i Storagroe. Fastmerke markert med raud runding, kote 480. Foto: Ole Reidar Flatby




Figur 5 - 4: Visualisering av hovudinntaket, dam og lukehus. Foto: Bystøl A/S.

## Sideinntak



*Figur 5 - 5: Bilete over området for sideinntak. Raude piler indikerer plassering av betongsperrredam mellom fjellparti og overlaup i dagens elvetrase. Grovhol for overføring vil byrja ca der grov raud pil er markert. Høgden og lengdene kan avvike litt til endeleg slutning. Foto: Ole Reidar Flatby*

**Bilete over området for Vassveg:**

